# Årsmelding
## 2003–2004




NOREGS MÅLLAG
1906

Omslag og utforming: Erik Bolstad

## På framsida

Bandet «Side Brok». Foto: Erik Aavatsmark, pinaDgreitt Records.

I 2003 og 2004 har Jon Fosse fått mellom anna Norsk kulturråds ærespris, Hedda-prisen (norsk teaters ærespris) og Ordre National du Mérite (den nest høgaste franske prisen).Foto: Samlaget.

Omslaget til diktboka *Det har komme ein komet* som kom ut på Det Norske Samlaget i 2004.

Inger Bråtveit som fekk Nynorsk litteraturpris for boka *Munn mot ein frosen jord* på landsmøtet i Grimstad. Foto: Hege Lothe

Aktivistar i Målungdomen i full gang med bannermåling. Foto: NMU.

Frå oppsettinga av stykket *Bouzouki* på Det Norske Teatret. Foto: DNT

Jenta som heiar på nynorsken er henta frå presentasjonsheftet til Noregs Mållag og er teikna av Tale Terjesdatter Hungnes.

Herborg Kråkevik – nynorskkjendis og sidemålsforkjempar. Foto: NRK

Ungane med datamaskina er henta frå flygebladet *Endeleg nynorsk data* som vart laga i 2003. Foto: Hege Lothe

Utsnitt av postkortet som vart laga til bibliotekaksjonen i mai 2003. Foto: Hege Lothe

Pingvinen er merket til operativsystemet Linux og puslespelet er merket til programvarepakka Office. I 2003 låg endeleg nynorskversjonen av Office føre.

# Innhald


Føreord 4
Leiar 5

## Målpolitiske arbeidsfelt

Nynorsk oppvekst 7
- Grunnskule 7
- Skulemålsrøystingar 2003-2004 7
- Nynorske parallellklassar 8
- Læremiddel 8
- Sidemål 9
- Lærarutdanninga og norskfaget 10

Informasjonsteknologi og media 10
- Mediepolitikk 10
- Presse 10
- Kringkasting 11
- Gjennombrot for nynorsk programvare 11

Næringsliv 12
Kulturpolitikk 13
- Bibliotekaksjon 13
- Prisar frå Noregs Mållag 13
- Hundreårsmarkeringa i 2006 14

Offentleg målpolitikk og målbruk 14
- Kulturmeldinga 14
- Helseføretaka og brot på mållova 15
- Posten og språkpraksis etter privatiseringa 15
- Verkeområdet for mållova 15
- Evje og Hornes kommune 16
- Norsk språkpolitikk med nytt språkpolitisk organ 16
- Nynorsk programvare, språkteknologi og digitale læremiddel 16
- Kommune og fylkestingsvalet 16

Talemål og skriftmål 17
- Normering 17
- Talemål 17
- Stadnamn 17

Internasjonalt arbeid 17

## Samskipnaden

Lag og medlemer 18
- Vervearbeidet 18
- Lokallag og fylkeslag 18
- Organisasjonssatsinga 18
- Studiearbeid og leiartrening 19
- Landsmøtet 2003 19

NMU-saka 20
Informasjons- og mediearbeid 21
- Pressearbeid 21
- Presseklypp 21
- Pressemeldingar 21
- Lesarbrev 21
- Pressearbeid knytt til landsmøtet 22
- *Norsk Tidend* 22
- *Nytt om nynorsk* 22
- Heimesidene til Noreg Mållag 22
- Materiellproduksjon 23
- Opning av målkontor 23

## Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

Heiderslagsmedlemer 24
Styret og arbeidsutvalet 24
Landsrådet 24
Valnemnda 24
Skrivarstova 24
Nemnder og utval 25
Reiseverksemda 26

## Økonomi

Rekneskap med notar 30
Balanse med notar 33
Fondet for norsk målreising 34
Inga og Gjøa Lutros legat 35
Kulturlotteriet 35
Revisormeldingar 36

## Norsk Målungdom

Melding frå arbeidsåret 38
Medlemstal og lokallag 53

## Nærskylde tiltak

Dag og Tid 39
Det Norske Samlaget 39
Det Norske Teatret 39
Folkekulturforbundet 39
Kringkastingsringen 40
Landsamanslutninga av nynorskkommunar 40
Noregs Ungdomslag 40
Norsk Barneblad 40
Norske Lagsbruk 41
Nynorsk kultursentrum 41
Stiftinga Magasinett 41
Stiftinga Nynorsk Pressekontor 42
Stiftinga Pirion 42

## Vedlegg og statistikk

Nynorsk skulemål 1930-2003 43
Skulemålet i alle fylka 44
Nynorske parallellklassar 45
Skulemålsrøystingar 1998-2004 46
Lag og medlemstal 48
Målbruk i NRK 54

# Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for arbeidsåret 2003/2004 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 23. februar 2003 til 14. mars 2004. Dei siste vekene fram til landsmøtet vert oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i 2003. Sjukefråveret har vore 37 dagar, noko som utgjer 2,5 prosent. Fråveret er godt og vel halvert frå året før, og i ein så liten organisasjon er det tilfeldige omstende som fører til svingingar i fråveret. Arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og Noregs Mållag følgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønspolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2003 viser at grunnlaget for drifta i året og åra som kjem, er det beste.

Landsmøtet i 2001 vedtok nytt treårig arbeidsprogram for perioden 2001 – 2004 og årsmeldinga følgjer kvart år oppbygginga i arbeidsprogrammet. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller det er teke initiativ til frå styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar likevel noko av det arbeidet lokal- og fylkeslag gjer og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskylde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yta rettferd til det store arbeidet som vert lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danna grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg fyller årsmeldinga ein viktig funksjon som Noregs Mållags rapport om arbeidet til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartar, og årsmeldinga har i alle år vore den mest utfyllande rapporten om norsk målstrid og målreising som vert utgjeven. Styret har difor lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interessant for lesarar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

Årsmeldinga er tilgjengeleg i elektronisk versjon på nettsidene til Noregs Mållag www.nm.no

Oslo, 20. mars 2004

Endre Brunstad (leiar) Sigrun Høgetveit Berg (nestleiar) Astrid Marie Nistad
Elisabeth Bakke Anne Steinsvik Nordal Karstein Bjørge
Gudrun Kløve Juuhl Nils Ulvund
Gro Morken Endresen (dagleg leiar)



*Styret i Noregs Mållag frå venstre: Nils Ulvund, Anne Steinsvik Nordal, Karstein Bjørge, Gro Morken Endresen (dagleg leiar), Endre Brunstad, Astrid Marie Nistad, Gudrun Kløve Juuhl, Sigrun Høgetveit Berg og Elisabeth Bakke.* *Foto: Hege Lothe*

# Leiar



I dette arbeidsåret har nynorsken vore i vinden.

Bakgrunnen er striden om sidemålet i Oslo. Noregs Mållag (NM) såg tidleg både alvoret og potensialet i saka, og me sette oss nokre mål. For det fyrste måtte framlegget om sidemålsfritak stoggast alt i bystyret i Oslo. For det andre måtte me skape gode politiske alliansar. For det tredje hadde me no høvet til å få betre sidemålsopplæring. For det fjerde måtte merksemda nyttast til å få nynorsken og målsaka fram i ålmenta.

Sidemålet er eit nasjonalt, kulturpolitisk spørsmål. Dersom nynorsk og bokmål ikkje lenger er ålmennkunnskap, fell grunnlaget for jamstelling mellom nynorsk og bokmål. Såleis er sidemålsmotstanden ikkje berre eit åtak mot nynorsken, men òg mot tospråkstoda og dermed mot viljen til språkleg mangfald ålment. Nynorskmotstandarane i hovudstaden viser i den samanhengen for det fyrste mangel på internasjonale ambisjonar: I andre europeiske land er ein oppteken av å verna om og styrkja språkleg mangfald. Dinest ser me ei fornekting av det nasjonale. Dette får stundom komiske effektar, som skiltsaka åt Oslo Byes Vel eller som då rektor ved Universitetet i Oslo, Arild Underdal, ville definera hovudstadsuniversitetet som regionalt og ikkje nasjonalt, berre for å sleppe Mållova.

Målrørsla kan ikkje ignorera hovudstaden. Samstundes er der tydeleg trong for å styrkja maktsentra og danningsmiljø i andre delar av landet. Regionaliseringsutvalet vårt arbeider mellom anna med slike spørsmål.

Sidemålstriden viser at nynorsken har mange vener som stiller opp når det røyner på. Utfordringa vert å få fleire med i det daglege strevet. Det er slitarane som driv det daglege målarbeidet, og det er arbeidet deira som gjer at me har ein landsfemnande målorganisasjon.

Det mest urovekkjande politisk er at Høgre har fronta sidemålsaka så klårt. Målsaka skal vera tverrpolitisk, og det er uheldig om Høgre frikoplar seg.

Regjeringa har gjennom kulturmeldinga lagt opp til ei systematisk styrking av nynorsken. Kulturmeldinga peikar på ansvaret til staten, og talar om ei positiv diskriminering av nynorsken. Slik skal det vera i ein tospråkleg stat. Men som årsmeldinga viser, er stoda meir prega av negativ diskriminering. me har altså eit godt stykke igjen før me har oppnådd noko så sjølvsagt som jamstelling. I tida framover må målrørsla arbeida systematisk for å utnytta dei gode intensjonane i Kulturmeldinga. Utan innsatsen til målfolket vil Kulturmeldinga ikkje vera anna enn fine ord på papir.

Ei anna viktig sak gjeld omdanninga av Norsk språkråd. me treng eit sterkt og offensiv språkorgan der òg NM er representert.

I desember 2003 fall domen i saka om medlemsfusk i Norsk Målungdom (NMU). Det kom då fram at NMU hadde gjeve opp for høge medlemstal, og fått for mykje i statsstøtte. NMU fekk av retten 2,88 millionar i tilbaketalingskrav, medan seks tillitsvalde vart dømde til fengselsstraff. Styret i NM har teke NMU-saka særs alvorleg. Sjølv om NM ikkje er involvert i saka, har me eit ansvar for å følgja opp overfor ungdomsorganisasjonen vår. På landsmøtet i april vil styret leggja fram ein analyse av den politiske rolla NMU har spela i høve til NM.

For rekrutteringa til NM er det avgjerande at det finst ein ungdomsorganisasjon som arbeider for nynorsk. Dei som no driv Målungdomen, fortener mykje ros for oppryddinga og for innsatsen, til dømes med medlemsverving. Men utfordringane er store, ikkje minst økonomisk.

NM har trong for fleire tillitsvalde. Det er grunnlaget for at organisasjonen skal vidareutviklast som folkerørsle. Ålmenn organisasjonsbygging og politisk nytenking er avgjerande. God økonomistyring dei siste åra gjer at me bør vera i stand til å handla langsiktig.

NM skal vera ope for ulike personar og synsmåtar, og dei skal møta kvarandre med gjensidig tillit og respekt. Det viktigaste for å oppnå det, er å framelske samværsmåtar som er mest mogleg inkluderande. Samstundes skal me ikkje unngå dei politiske utfordringane. Det er vidare viktig å forstå fortida. For oss som lever i 2004, er det likevel slik at den viktigaste målstriden går føre seg nett no, ute i samfunnet. Og det er der me skal vera.

Endre Brunstad

# Målpolitiske arbeidsfelt

## Nynorsk oppvekst

### Barnehage

Sidan slutten av 1990-talet har skulemålsarbeidet vorte utvida til å gjelda barnehagane og barnekulturen.

Dei to tiltaka *Blåmann barnebokklubb* og institusjonen *Pirion* er berebjelkane i arbeidet andsynes dei unge. I dette arbeidsåret har organisasjonen fyrst og fremst blesta *Blåmann barnebokklubb* og verva medlemer til bokklubben. Arbeidet skjer gjennom lokallaga og fylkeslaga i fyrste rekkje, gjerne knytt til kulturkveldar i laga eller forfattarardagar saman med bibliotek. Mange lokallag har teke til med viktig arbeid i kommunane, til dømes laga nye songbøker og samarbeidd direkte med barnehagar om bruk og formidling av lokal kultur.

Det har vore halde få *pirionkurs* for barnehagetilsette og andre i arbeidsåret. Årsaka er fyrst og fremst at me ikkje har rekruttert nok folk til å halda slike kurs, og at me er for avhengige av einskildpersonar.

Bladet *Pirion* kom i 2003 ut med 3 utgjevingar og tingartalet var 551. Bladet er det einaste i sitt slag som jamt kjem ut, og det er eit godt utgangspunkt for å få kontakt og samarbeid med barnehagane. Til no har organisasjonen ikkje utnytta potensialet som ligg i bladet godt nok – til dømes bør me prøva å koma i dialog med barnehagane og studentar og tilsette i førskulelærarutdanninga, med utgangspunkt i artiklar og tekstar i bladet.

### Grunnskule

Det har vore ni røystingar i åtte krinsar i 2003. I praksis vart røystingane organiserte som fem røystingar (Mykland, Grimstad, Nome, Åsane og Askøy). Tre av røystingane vart vunne, medan tapa i Lunde skulekrins ikkje har ført til endring av opplæringsmålet.

Noregs Mållag arbeidde i all hovudsak med røystingane i Askøy og Åsane. På Ellingsøy i Ålesund arbeidde Mållaget saman med nynorskaktivistar før røystinga. Røystinga i Ålesund var merkt av tvilsam røysting – mellom anna godtok kommunen at bokmålsaktivistar samla inn underskrifter på vegner av andre enn seg sjølv. I Svenseid i Nome organiserte nynorskvener og målfolk arbeidet sjølve, med stor suksess. På bokmålsskulen Lunde vart det ikkje drive organisert arbeid.

Bakgrunnen for røystinga i Mykland var tilbakemeldingar frå foreldra gjennom fleire år om at ungane hadde vanskar med nynorsk som opplæringsmål. Grunngjevinga var at det ikkje er samsvar mellom talemålet deira og opplæringsmålet i skulen. Aust-Agder Mållag deltok på informasjonsmøte og laga flygeblad som vart sendt til alle husstandane i krinsen.

Røystingane i Nome kom på grunn av omorganisering av skulestrukturen. Svenseid gjekk over frå bokmål til nynorsk i 1977. Bygdafolket har slåst lenge for at skulen skal overleva, og striden for skulen og nynorsk har følgdest åt heile tida. Nesten like positivt som den overveldande sigeren i Svenseid var det høge talet nynorskrøyster som kom i Lunde – desse røystene kom så å seia utan organisert arbeid for nynorsk i det heile og vitnar om stort potensial for meir nynorsk på bokmålsskular, både i Nome og andre stader.

I Åsane tapte nynorsken røystingane på målstreken. Særleg bittert var tapet i Kyrkjekrinsen med éi røyst. Åsane bydel vedtok snaue to veker etter røystinga at bokmål skal vera hovudmål ved skulane, men bydelsadministrasjonen har ikkje sett i verk vedtaket av di administrasjonen sjølv stiller spørsmål ved gjennomføringa av røystinga. Administrasjonen har sendt saka til departementet som nett no handsamar saka. Bakgrunnen for dette er at manntalslistene var ufullstendinge på røystingane – til dømes var ikkje alle dei som var/vart 18 år i 2003, registrerte. Kommunen har fått melding om at einskildpersonar vart nekta å røysta, mellom anna gjeld dette 18-åringar som bur i krinsane. Like eins sende Åsane bydel ut eige brev berre til foreldre og føresette ved skulane om at dei laut ha med gyldig legitimasjon på røystinga – denne informasjonen vart *ikkje* sendt alle andre røysteføre og dermed vart mange røysteføre avviste på røystinga av di ikkje hadde teke med seg legitimasjon.

På Askøy vann nynorsken stort. Årsaka til sigeren på

**Skulemålsrøystingar 2003-2004**

| Dato | Krins | Kommune | Røysteføre | Frammøte | Nynorsk | Bokmål | Vedtak |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 15.05.03 | Mykland | Froland | 307 | 108 (35 %) | 27 (25 %) | 81 (75 %) | Bokmål |
| 05.06.03 | Grimstad | Ålesund | | 218 | 59 (27%) | 159 (73%) | Bokmål |
| 16.06.03 | Kyrkjekrinsen | Bergen | 1780 | 447 (25%) | 223 (49,9%) | 224 (50,1%) | Under hands. |
| 16.06.03 | Hordvik | Bergen | 1212 | 572 (47.2%) | 279 (49,9%) | 293 (50,1%) | Under hands. |
| 15.09.03 | Fauskanger | Askøy | 1398 | 887 (63.4%) | 516 (58,2%) | 371 (41,8%) | Nynorsk |
| 15.09.03 | Træet | Askøy | 704 | 424 (60.2%) | 267 (63%) | 157 (37%) | Nynorsk |
| 15.09.03 | Svenseid | Nome | | 168 | 136 (81%) | 32 (19%) | Nynorsk |
| 15.09.03 | Lunde 1-4 | Nome | | 581 | 172 (30%) | 409 (70%) | Bokmål (off) |
| 15.09.03 | Lunde 5-7 | Nome | | 731 | 82 (40%) | 449 (60%) | Bokmål (off) |

Askøy og tapet i Åsane var fyrst og fremst organiseringa. På Askøy gjennomførde dei det viktigaste tiltaket; beinveges kontakt med dei røysteføre (dørvitjingar). På båe stadene vart det organisert plakatbukkar, lesarbrev, telefonkontakt med røysteføre, produksjon og spreiing av flotte flygeblad og samarbeid med andre lag og organisasjonar. På Askøy heldt òg kommunen eige folkemøte. Det er sannsynleg at nynorsken hadde vunne i Åsane dersom nynorskfolket hadde organisert dørvitjing, og denne røynsla vert viktig for røystingar som kjem frametter.

I Åsane og Askøy samarbeidde lokallaga nært med Hordaland Mållag, Noregs Mållag og nærskylde lag og organisasjonar. Lokallaga la ned svært mykje godt arbeid og båe stadene har lokallaga følgt opp med mykje aktivitet.

## Nynorske parallellklassar

I skuleåret 2003/04 vart omgrepet «skuleklasse» fjerna i lovverket og erstatta med «gruppe». Lova er like fullt identisk med tidlegare lov; dersom ti foreldre eller fleire ynskjer det, skal kommunen oppretta gruppe med anna opplæringsmål enn det som er vedteke for skulen. Dette vart til og med presisert i førearbeidet til lovendringa.

Per dags dato har Noregs Mållag fått melding om 196 nynorskklassar («grupper») på bokmålsskular. Dette talet er truleg ikkje rett; når Noregs Mållag kontaktar skulane direkte, får me titt andre svar om språkdelingsskIassar enn dei svara skuleadministrasjonane i kommunane gjev.

Talet på klassar er seks færre enn førre skuleåret, dersom opplysningane er korrekte. Det er særleg stader der det berre har vore ein klasse lenge, at det ikkje har kome nye til. Trass i at stadig fleire foreldre har fått vita om retten til å starta parallellklassar, er det svært mange kommunar som ikkje viser nemnande interesse i å gjera ordninga betre kjend. Dette er eit viktig stengje for at fleire foreldre skal kunne velja nynorsk for borna sine. Det er like fullt skort på organisering hjå oss sjølve som er hovudårsaka til at me ikkje har evna driva opp talet på nynorskklassar. Fleire stader har lokallag teke til med målarbeid andsynes barnehagane, mellom anna for å førebu foreldra på å velja nynorsk som fyrste opplæringsmål for borna sine. Dette kan visa seg å vera ein fornuftig strategi Noregs Mållag bør byggja arbeidet på.

## Læremiddel

Etter at godkjennningsordninga for lærebøker vart fjerna i 2000, har det ikkje vore noko eige organ for å passa på at opplæringslova vert følgd. Sentrale styresmakter skuvar ansvaret over på fylkeskommunane. Samstundes har staten mindre oversyn sjølv over kor mykje ressursar som vert brukte til parallellutgåver, for ikkje å seia uklåre prioriteringar gjennom statsbudsjettet: Posten er voven inn i ein sekkepost for tilskot til læremiddel. Det er ein stor veikskap at sjølve vilkåret for at retten til læremiddel på eige språk – faste og øyremerkte tilskot over statsbudsjettet – ikkje finst.

Noregs Mållag og NMU mottek no og då meldingar frå skular som melder at lærebøker på nynorsk ikkje finst eller kjem seint etter skulestart. Rett nok er det svært sjeldan at lærebøker ikkje finst på båe mål, men det er vanskelegare å retta krav av di stat og fylke skuvar ansvaret på kvarandre.

Etter at godkjenningsordninga fall bort, har sjølve omgrepet «læremiddel» vorte utvida. Jamfør stendig meir bruk av digitale læremiddel og tilfang frå internett er det somtid uklårt i kva grad lærestoffet vert rekna som «læremiddel». Ein svært viktig siger for elevane var den nye office-pakka frå Microsoft som no finst på nynorsk – utan tilgjenge til dagleg nynorskbruk på datamaskina, vil den reelle retten til



*Arny-Sissel Myking Horsås frå Osterøy Mållag les høgt frå gåveboka for nokre av borna i Røppen barnehage på Osterøy. Gåvene frå Osterøy Mållag er ein del av ein større kampanje retta mot barnehagane i kommunen.* *Foto: Øystein Skjæveland*

læremiddel på eige mål vera borte.

Noregs Mållag har ikkje gjennomført svartelistekampanje i 2003, både av di stoda har vorte tolleg bra og av di bortfallet av godkjenningsordninga har gjort arbeidet med å føra kontroll svært vanskeleg.

## Sidemål

I mai sette FrP fram eit såkalla Dok:8-framlegg i Stortinget om å gjera sidemålsundervisninga i skulen valfri. Styret i Noregs Mållag leverte ei grundig høyringsfråsegn i saka. Interessant å merke seg er utsegnene frå statsråd Clemet: «Det tillates også at det gjøres forsøk med sidemål og gjerne med nynorsk, som representanten Sortevik var innom. Men det er ikke en unntaksbestemmelse. Det er en forsøksbestemmelse. Man kan altså ikke bare få unntak fra noe man synes er overflødig, men man kan få lov til å gjøre forsøk med noe for å se om man kan få til en bedre utvikling i faget. Så er avgjørelsesmyndigheten delegert til utdanningsdirektør og Læringssenteret.» Framlegget fall mot røystene til FrP. Etter FrPs åtak på nynorsken har partiet Høgre teke stafettpinnen:

I Oslo annonserte Høgre alt ein månad etter valet at kampen mot obligatorisk sidemål i osloskulen held fram. Jamvel om det berre er to år sidan departementet avviste ein søknad om fritak frå obligatorisk sidemålsundervisning i den vidaregåande skulen i Oslo, og jamvel om noverande statsråd Kristin Clemet i klåre ordelag har orientert om at det ikkje vert gjeve fritak som inneber forsøk med fritak frå sidemålsundervisinga, ynskjer Oslo Høgre å halda fram striden mot sidemålsordninga. Byrådet i Oslo kom med eit framlegg om å søkja om fritak frå obligatorisk sidemålsundervisning på alle vgs i Oslo. I framlegget vedgår skulebyråden blankt at kommunen ikkje byggjer på faglege kriterium, snarare vert det slege fast at det nettopp ikkje finst vitskapleg forsking som viser kva følgjer den obligatoriske sidemålsundervisninga har for norskfaget i det heile. Grunnlaget for å søkja om fritak vert enkelt bore fram: Elevane har dårlege haldningar til nynorsk grunna påtvinga nynorskundervisning – ergo må undervisninga bort. Noregs Mållag har arbeidt svært mykje andsynes partia i byrådet for å få fleirtal mot framlegget, særleg Oslo Arbeiderparti.

Etter sidemålsåtaka frå Høgre i Oslo har fleire kommunar drøft å søkja om fritak frå obligatorisk sidemålsundervisning. Asker kommune har alt sendt søknad, og fleire kan ventast. Dersom Læringssenteret godkjenner søknaden, kan det vera fyrste steget til å ta frå elevane i skulen retten til å læra båe skriftmåla. Det kan igjen få svært alvorlege følgjer for statusen til nynorsk som offentleg jamstelt riksmål.

**«Revetalsforsøket»**

Ved skulestart 2002 sette Revetal skule i Re kommune i Vestfold i gang eit forsøk der elevane ikkje hadde undervisning i skriftleg nynorsk. Forsøket var godkjent av utdanningsdirektøren i Vestfold og gjekk ut på at elevane ikkje skulle få karakter i nokon fag. Med bortfall av karakter i sidemål valde skulen å ikkje ha opplæring i skriftleg nynorsk. Det finst ingen faglege institusjonar utanfor skulen som er involverte i forsøket. Jamvel vurderingane av forsøket så langt er gjorde av skulen sjølve. Desse eigenvurderingane som konkluderer med «positive røynsler» er mellom anna brukte av stortingsrepresentantar som argument mot obligatorisk sidemål under ordskiftet om Dok:8-framlegget til FrP. Dei einaste offentlege vurderingane som finst frå elevane sjølve, er oppslag i lokalavisene – der slaktar elevane forsøket.




*Firda Målungdom og Dale Målungdom demonstrerte for nynorsk og aktiv distriktspolitikk. Dei gjekk i tog gjennom Førde Sentrum våren 2003.* *Foto: NMU*

### Positive forsøk

Etter at Åndalsnes ungdomsskule sette i gang eit positivt sidemålsforsøk førre skuleår, har fleire skular sett i gang med same forsøket. Forsøket går kort sagt ut på at nynorsk vert brukt som arbeids- og lesespråk i eit anna fag enn norsk (tavle, lærebøker, prøver osb). På Åndalsnes ungdomsskule oppsummerte skuleleiinga og lærarane forsøket som så vellukka at alle klassane i innverande skuleår gjennomfører forsøket. I perioden har ungdomsskular og vgs i Tromsø, Skjerstad, Sunndal, Ålesund, Askøy og Oslo sett i gang med forsøket – alle stader med stor suksess. Noregs Mållag har hatt møte med kommunar og fylkeskommunar attåt ei rad skular der «åndalsnesmodellen» har vorte presentert og drøft. Dette er eit viktig tiltak, lett å setja i gang og heile rørsla bør arbeida mykje med å få fleire skular til å utnytta denne modellen. Ikkje berre er det god pedagogikk, det er òg eit svært viktig strategisk grep i sidemålskampen som støtt pågår. Følgjene av tiltaket kan verta:

- ei betre sidemålsundervisning
- prov på at eit hovudproblem i sidemålsundervisinga er for lite sidemål i skulen, ikkje for mykje
- mogleg haldningsendring hjå elevar, foreldre og lærarar til nynorsk generelt og sidemål spesielt
- mogleg grunnlag for at ungdomsskulane erkjenner at dei er tospråklege og at dette bør få følgjer for språkbruken til skulen, til dømes veksla mellom å bruka bokmål og nynorsk i skriv til foreldra osb.

Dei positive forsøka har alle, med unntak av i Åndalsnes, kome i gang etter at lokallag og fylkeslag i Noregs Mållag har ytt tilskot til kjøp av heile klassesett med nynorske lærebøker i dei aktuelle faga. Utan denne stønaden hadde ikkje forsøka kome i gang.

#### Bærum

I fleire år har Ringstadbekk ungdomsskole verka som om skulen er tospråkleg. I mest alt skriftleg arbeid og i alt skriftleg tilfang frå skulen har både bokmål og nynorsk vorte nytta. Over tid har dette gjort elevane tospråklege, og med kvart har haldningane hjå elevane påverka haldningane til foreldra i svært positiv lei. Ringstadbekk ungdomsskole har såleis nådd målsetnadene i offentleg språkpolitikk og i politisk vedtekne læreplanar for skulen.

Bærum Mållag har i samarbeid med kommunen, norsklærarar ved fleire skular i Bærum og Høgskulen i Volda sett i gang eit større prosjekt som gjeld alle ungdomsskulane i kommunen. Kommunen har løyvt 100 000 til arbeidet. Prosjektet inneber mellom anna gransking av så vel haldningar til som kompetanse i nynorsk hjå lærarane på ungdomsskulane. I tillegg skal det setjast i verk særskilde tiltak for å endra haldningane til nynorsk hjå elevane. Dette arbeidet er svært verdfullt og kunnskap om så vel førearbeidet som sjølve prosjektet bør spreiast til flest mogleg.

### Lærarutdanninga og norskfaget

I samband med sidemålsaka tok Noregs Mållag ut på hausten 2003 kontakt med Ivar Aasen-instituttet, Høgskulen i Volda, for å få evaluert pågåande sidemålsprosjekt og få initiert forskingsprosjekt om sidemålet. Ivar Aasen-instituttet var positivt innstilt, og instituttet har seinare fått midlar frå Læringssenteret for å arbeida fram eit større sidemålsprosjekt.

Noregs Mållag har i samarbeid med Høgskolen i Oslo arrangert eit kurs i normaltalemål for lærarstudentar. Finansieringa har kome frå Oslo Nye Sparebanks fond, og kursleiar har vore Ola Breivega.

I norsklærarutdanninga og i nordiskfaga ved høgskular og universitet skjer det for tida fleire institusjonelle endringar, mellom anna når det gjeld eksamensformer og ved meir individuelle fagsamansetjingar. Noregs Mållag har vendt seg til Læringssenteret og fagmiljøet for å få ei oversikt, men endringane går føre seg i raskt tempo, utan sentral koordinering. me må passa på at prinsippet om jamstelling mellom nynorsk og bokmål òg i praksis står ved lag i norskfaget ved høgskular og universitet.

## Informasjonsteknologi og media

### Mediepolitikk

Hausten 2001 la styret ein mediepolitisk strategi for målrørsla. Denne strategien slo mellom anna fast at dei viktigaste utfordringane for målrørsla er å

- finna opning for nynorsk på redaksjonell plass i riksmedia og NTB
- betra rammevilkåra for nynorskpressa særleg ved auke i pressestøtta
- auka nynorskprosenten i NRK
- stilla språkpolitiske konsesjonskrav til private radio- og fjernsynskanalar

Det første punktet er hovudmålet for arbeidsplanperioden 2001 til 2004. Desse målsetjingane har vore retningsgjevande for arbeidet til Noregs Mållag også denne arbeidsperioden. Noregs Mållag har i arbeidsplanperioden ikkje fått gjennomslag for opning for nynorsk på redaksjonell plass i dei største riksavisene. I perioden har det vore nokre lysglimt med nynorsk i enkelte tekstar, men det kan dessverre langt frå kallast noko gjennombrot. Noregs Mållag har halde fram med det gode praktiske og politiske samarbeidet som vart etablert med Kringkastingsringen og Mediemållaget i førre arbeidsår. Dette mediepolitiske året 2003 har ikkje vore like turbulent for nynorsksakene som dei to føregåande åra. Noregs Mållag har følgt opprettinga av Nynorsk mediesenter ved NRK Sogn og Fjordane i Førde.

### Presse

Pressestøtta har ikkje vore utsett for like harde åtak i 2003 som tidlegare år. Likevel kan det sjå ut som at avisene ikkje får kompensert fullt ut for bortfallet av pliktig statleg annonsering. Ei ny vanskeleg sak dukka opp med framlegget om dei nye portosatsane frå Posten. Svært mange var ute og åtvara om desse nye satsane og Noregs Mållag fryktar at vanskelegare rammevilkår for lokalavisene vil gjera skade i avisstrukturen for dei mindre avisene. For nynorskbrukarar i nynorskområda er det avgjerande at lokalavisene har rammevilkår som gjer det mogleg å halda oppe utgjevingsfrekvensen og utvikla avisene vidare. Ein reknar at det er

nær 70 nynorskaviser og dei utgjer over 30 prosent av dei 200 norske avisene. Då er det ikkje rekna med riks- og regionaviser som bruker noko nynorsk. I opplagstal utgjer nynorskavisene ein langt mindre del av totalopplaget, særleg fordi dei største riksavisene framleis har forbod mot nynorsk på redaksjonell plass. Der er det dessverre ingen positive tendensar å spora i arbeidsåret, men det er eit problemområde som mellom anna Mediemållaget og Norsk Målungdom har arbeidd godt med i året som er gått.

## Kringkasting

Dette meldingsåret har arbeidet knytt til NRK vore mindre turbulent enn det førre arbeidsåret. Strukturen for distriktskontora har vore fastlagd tidleg på nyåret i 2003. Og frå då av kunne Noregs Mållag og målrørsla konsentrera seg om å sikra nynorsken ved den nye strukturen. Noregs Mållag har vore spesielt oppteke av det nye kompetansesenteret som skal heite Nynorsk mediesenter og vonar det kan gje konkret utslag for nynorskprosenten i NRK. Dei siste tala viser at nynorskbrukande journalistar i NRK har gått ned frå 19 prosent i 1988 til 11 prosent i 2003. I samband med framlegget til statsbudsjett gjekk Noregs Mållag ut og åtvara mot at kringkastingsavgifta skulle vera uendra, utan omsyn til pris- og lønsauken. Rimelege økonomiske vilkår er ein føresetnad for ein betre nynorskprofil.

Gjennom heile året har det vore diskusjon rundt den nye radiokanalen Kanal 24. Her har ein sett at sjefane for kanalen har kome med mindre forpliktande uttale til nærmare ein kom sendestart ved årsskiftet. Noregs Mållag vil følgja Kanal24 nøye i året som kjem.

## Gjennombrot for nynorsk programvare

I arbeidsprogrammet 2001-2004 står det at eit hovudmål for treårsperioden er å oppnå *eit gjennombrot for nynorsk som IT-språk ved at det blir utvikla nynorskversjonar av dei vanlegaste sluttbrukarprogramma*. Dette gjennombrotet kom hausten 2002, då Microsoft kunngjorde at det komande Office 2003 skulle koma på nynorsk. Tidleg hausten 2003 var Open Office på marknaden med sin versjon og heilt på tampen av året kom Microsoft Office 2003 i butikkane. Dette er mykje takka vere at Noregs Mållag har prioritert arbeidet for nynorsk programvare høgt i heile treårsperioden. Då denne treårsperioden var i gang, arbeidde Noregs Mållag og dei andre aktørane i Nynorsk Forum med kampanjen Nynorsk Data 2000. Etter at kampanjen vart avslutta, har Noregs Mållag halde oppe arbeidet med å få nynorsk programvare.

Ein har ikkje lukkast like godt med å gjera endringar i lover og regelverk som kan betra rammevilkåra for nynorsk programvare. Det mellombelse unntaket som vart gjort for administrativ programvare frå å ha nynorskversjon / parallellutgåve i forskriftene til opplæringslova frå juni 1999, står framleis ved lag. Ein rapport frå Læringssenteret som låg føre 18.6.2001 og som var tinga av KUF, gav full støtte til målrørsla ved å rå til at det vart stilt krav om nynorske parallellversjonar av all programvare innan 1.8.2003. KUF har ikkje følgt opp rådet frå Læringssenteret, men i kulturmeldinga i haust gjekk kulturministeren langt i å støtta kravet om å fjerna unntaket. Det er god von om at vidare press frå målrørsla kan føra til eit snarleg gjennombrot.

### OpenOffice.org

Etter initativ frå Skulelinux-prosjektet sette fylka Akershus, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal i 2002 i gang arbeid for å få omsett programvarepakka OpenOffice.org til norsk. OpenOffice.org er ei pakke med kontorprogramvare som er gratis, og som langt på veg kan erstatta Microsoft sine tilsvarande produkt i skulen og i offentleg administrasjon. Omsetjinga tok fyrst til på bokmål, men i mars 2003 var den første utgåva på nynorsk klar. Når den norske utgåva av OpenOffice.org 1.1 kom ut 1. desember i fjor, låg denne føre samstundes på nynorsk og bokmål, og i desember vart




*Noreg fekk ein ny riksdekkjande radiokanal i 2004: Kanal 24. Her ser me programleiarane Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, Brita Møystad Engseth og Nina Kraugerud. Noregs Mållag vil følgja den nye kanalen nøye i åra som kjem.* *Foto: Kanal 24*

nynorskutgåva lasta ned 907 gonger og bokmålsutgåva 3984 gonger. Det er likevel framleis delar av programpakka som ikkje er omsette, og mange hjelpetekstar ligg framleis berre føre på bokmål. Omsetjinga held fram, men det er enno uvisst når alle delar av programpakka, inkludert hjelpetekstar og brukarrettleiingar, vil vera tilgjengeleg på nynorsk.

**Skulelinux**

Noregs Mållag var sterkt medverkande til at KUF i 2001 løyvde kr 200.000 til Skulelinux.

Utviklinga er enno langt frå ferdig, men stadig fleire skular deltek no i testinga av Skulelinux. Ved inngangen til februar i år er talet på testskular 74, mot 21 i august i fjor. Trass i at departementet hadde lagt inn ein føresetnad i løyvinga om at nynorskversjonen skulle utviklast fyrst, valde Skulelinux å byrja med bokmålsversjonen. Det ser så langt ikkje ut til at brotet med denne føresetnaden har hatt nokon konsekvensar for Skulelinux. Det ligg likevel framleis til grunn for prosjektet at operativsystemet og programvaren skal vera tilgjengeleg på både nynorsk og bokmål, og så langt som råd på samisk.

**Microsoft**

Etter å ha arbeidd i fleire år med å få Microsoft til å omsetja programvaren sin til nynorsk, gav selskapet endeleg etter, og 11. november i fjor kom den nyaste utgåva av Officepakka ut på nynorsk. Arbeidet har vore tredelt, der ein har arbeidd direkte overfor Microsoft og argumentert for nynorskversjonen, ein har støtta opp om miljø som har arbeidd med å utvikla konkurrentar til Microsoft på nynorsk og ein har lagt press på Storting og departement for at det skal stillast språklege krav i innkjøpskrava som gjeld for offentlege verksemder.

I tidlegare møte har Microsoft signalisert at også Windows og annan programvare skal omsetjast til nynorsk, men det er høgst uvisst når og kanskje til og med om dette vil skje. Heller ikkje den omsetjinga som ligg føre er fullstendig, då hjelpetekstane framleis ikkje er omsette, og nynorskversjonen er heller ikkje ein integrert del i programvaren ein kjøper, men ei tilleggspakke som må hentast ned frå internett. Arbeidet med å få ein fullverdig nynorskversjon frå Microsoft er følgt opp med møte og vidare drøftingar sumaren og hausten 2003. Sjølv om ein kan sjå på utgjevinga av ein nynorsk versjon av Officepakka som ein siger for det langsiktige og systematiske arbeidet som målrørsla har ført for nynorsk programvare, vil det truleg framleis vera nærast umogleg å få fullgode nynorskversjonar av kommersiell programvare utan eit lovkrav om tilgjenge til programvare i båe målformer i utdanning og offentleg verksemd.

## Næringsliv

Arbeidsprogrammet for arbeidsperioden har høge målsetjingar. me skal få minst to landsomfemnande organisasjonar til å marknadsføra seg på nynorsk i nynorskområda, få bank- og forsikringskonserna til å etablera ein tospråkleg politikk og få etablert nynorsk i næringslivet som eit permanent arbeidsfelt for Mållaget.

Dette arbeidet har grunna andre arbeidsoppgåver og hard prioritering av ressursbruk ikkje blitt prioritert på sentralt hald. fyrst mot slutten av arbeidsåret har ein



*Microsoft lanserte Office-pakka 11. november. I tillegg finst det no fleire gratisprogram tilgjengeleg på nynorsk. Bilete frå kampanjeflygebladet til Noregs Mållag. Foto: Hege Lothe*

kunna starta arbeidet i samarbeid med vestlandsskrivaren og Hordaland Mållag. Desse har hatt positive møte med fleire verksemder i Os kommune for å gjera seg kjende med røynslene til nynorskbrukarar i næringslivet og leggja grunnlaget for nye framstøytar. Det har også vore eit godt møte med rutelaget HSD, som start på ein positiv dialog.

I tillegg til Hordaland Mållag er det også andre fylkeslag og lokallag som har gjort ein stor innsats på feltet Her kan nemnast at Karmsund Mållag og Etne Mållag har hatt ein større kampanje i «nynorsk-land» for å få Tine Meieri til å ta i bruk nynorsk på mjølkeprodukta..

Brev er gått ut til mållaga, bondelaga og bonde og småbrukarlaga på Vestlandet, Sørlandet, Telemark, Hallingdal, Valdres og Gudbrandsdalen der dei ber laga senda eit opprop til alle avdelingane til Tine Meieri. Laga vert sterkt oppmoda om å ta nynorsk i bruk fullt ut på Tineprodukta i sine strøk. Om lag 50 lag og organisasjonar har til no svara. Hordaland mållag har følgt opp arbeidet med å senda helsingar til verksemder som nyttar eit godt nynorsk i marknadsføringa si (om lag 100 kort i 2003). Det vart også teke kontakt med Sparebank1Vest om nynorsk marknadsføring/ materiell på nynorsk i samband med at Sparebanken Vest på nytt vart etablert i Hordaland og Sogn og Fjordane. Sparebanken Vest fekk Hordaland Mållag sin målpris i 2004. Arbeidet med å få Coop til å nytta meir nynorsk held fram. Det er vedteke fråsegner om nynorsk målbruk på krinsårsmøte.

## Kulturpolitikk

### Bibliotekaksjon

Under den årvisse maiaksjonen i mållaget, aksjonerte laga i 2003 for ei styrking av biblioteka under slagordet «Slå ring om biblioteka». Aksjonen kom i stand etter at det vart reist framlegg om å fjerna kravet i biblioteklova om at kvar kommune må ha eit eige bibliotek. Nær 30 lokallag hadde aksjon i mai, og saka fekk godt med merksemd i ein del kommunar. Postkort med mållaget sine krav påtrykt, ferdig adressert til Stortinget, var ein vesentleg del av aksjonsmateriellet.



*Frøydis Olausen og Gudrun Kløve Juuhl var med på Maiaksjonen i 2003: «Slå ring om biblioteka». Foto: Hege Lothe*

I kjølvatnet av arbeidet med å styrkja biblioteka, reiste Noregs Mållag også krav om at det må opprettast ei innkjøpsordning for sakprosa. Ei slik ordning vil styrkja produksjonen av norsk faglitteratur og då særskilt nynorsk faglitteratur. I kulturmeldinga vart dette kravet kvittert ut då me fekk politisk støtte til ei slik innkjøpsordning. No står den mest avgjerande kampen att til komande budsjettrunde: å få følgt opp dei gode ynska med klingande mynt.

### Prisar

På landsmøtet i Grimstad i april var det tildeling av Nynorsk litteraturpris og Nynorsk barnelitteraturpris. Nynorsk litteraturpris gjekk for første gong til ein debutant. Inger Bråtveit fekk litteraturprisen for boka *Munn mot ein frosen fjord*. Nynorsk barnelitteraturpris vart tildelt forfattar





*Inger Bråtveit fekk litteraturprisen for boka Munn mot ein frosen fjord. Inger Lise Stulien, songar, og Sigurd Haugsgjerd, redaktør for Setesdølen, fekk målblomar for sin flotte innsats for nynorsk på Agder. Alle foto: Hege Lothe*

Hans Sande og illustratør Gry Moursund for boka *Arkimedes og rulletrappa*. Kvar av prisane er på 15 000 kroner. Utgiftene til Nynorsk barnelitteraturpris dekkjer Noregs Mållag åleine, medan utgiftene til Nynorsk litteraturpris vert delt mellom Noregs Mållag, Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget. Dei tre institusjonane har også kvar sin representant i juryen for litteraturprisen.

Ein gong i året deler Noregs Mållag ut sin eigen Målpris. I 2003 var det Ola Jonsmoen som fekk Målprisen. I grunngjevinga frå styret heiter det mellom anna; «Eit særmerke med Ola Jonsmoen er hans breie engasjement i samfunns- og kulturliv og hans arbeid for nynorsk.» Jonsmoen mottok prisen under festmiddagen på landsmøtet i Grimstad.

I Grimstad vart det også delt ut målblomar. Songar Inger Lise Stulien fekk målblome for eit flott samarbeid med Mållaget om barnekulturkveldar på Agder. Dessutan er hennar bruk av det norske språket eit godt føredøme for andre.

Sigurd Haugsgjerd, redaktør for Setesdølen, fekk målblome for sin unike innsats for nynorsk på Agder. Han har stått støtt på nynorsk i sin redaktørgjerning, og med sine 4500 tingarar har Setesdølen gjort nynorsk til eit svært viktig kjenneteikn for regionen.

### Hundreårsmarkeringa i 2006

100-årsmarkeringa til Noregs Mållag i 2006 er den viktigaste nynorskmarkeringa mellom Garborg-året 2001 og jubileet for Ivar Aasen og Det Norske Teatret i 2013. Målet vårt må vera at heile organisasjonen og nærskylde tiltak i målrørsla sluttar opp om jubileet. I denne fasen har det vore viktig å diskutera målsetjingar med markeringa, vurdera markeringa i høve til overordna organisasjonsstrategiar, og å knyta kontaktar. Styret har hatt mykje nytte av eit notat Oddmund Hoel har forfatta til styret om mållagsjubileet. Styret har vore i kontakt med ulike tiltak, til dømes Nynorsk kultursentrum, Ivar Aasen-instituttet, Det Norske Teatret og Det Norske Samlaget, og dei har vist interesse og velvilje.

## Offentleg målpolitikk og målbruk

### Kulturmeldinga

Hausten 2003 la regjeringa fram *Kulturmeldinga* (St. meld. nr. 48). Kulturmeldinga har som føremål å skissera ein del overordna liner i kulturpolitikken for dei neste ti åra. For målrørsla er det for det fyrste verd å merka seg at Kulturmeldinga gjer språkpolitikk til ein integrert del av den ålmenne kulturpolitikken. Vektlegginga av språkpolitikk er ei nyvinning i høve til tidlegare kulturmeldingar. For det andre seier Kulturmeldinga at staten må bruka tiåret fram til 200-årsjubileet for Ivar Aasens fødsel i 2013 til ei systematisk styrking av nynorsken. Det vil òg vera rimeleg med ei viss positiv diskriminering av nynorsk, heiter det. Heile regjeringa står bak Kulturmeldinga.

Kulturmeldinga er ikkje spesielt forpliktande og konkret om korleis dei gode intensjonane skal gjennomførast. Noregs Mållag har kome med innspel overfor Stortinget om korleis ein kan gjera politiske grep for at nynorskrettane skal gjelda i høve til nye institusjonelle, teknologiske og




*Kulturminister Valgerd Svarstad Haugland la fram kulturmeldinga 29. august 2003 saman med avdelingsdirektør Stein Sægrov i Kulturdepartementet.* *Foto: Kulturdepartementet*

økonomiske rammevilkår. Det vil òg vera viktig å arbeida for at intensjonane kjem til uttrykk gjennom dei årlege løyvingane over statsbudsjettet.

Noregs Mållag var deltakar på ei høyring om kulturmeldinga på Stortinget 19. januar 2003, og leverte høyringsmerknad. Høyringsmerknaden dreidde seg særleg om det nye Språkrådet, om verkeområdet for Mållova, om målbruk i helseføretaka og Posten, og om nynorsk språkteknologi. 2. mars møtte Noregs Mållag og fleire andre nærskylde organisasjonar Løvebakken Mållag for å leggja fram dei sentrale synspunkta våre om Kulturmeldinga. NM tok òg del på eit møte som SV arrangerte på Stortinget om saka.

## Helseføretaka og brot på mållova

Kultur- og kyrkjedepartementet har tidlegare slege fast at helseføretaka kjem inn under mållova, jamfør brev til Helsedepartementet 23. januar 2002 og Kulturmeldinga som er klår på nett det punktet. Helsedepartementet svara Kulturdepartementet fyrst i byrjinga av mars i år, over to år etter at dei fekk brevet. Helsedepartementet har ingen innvendingar til dei vurderingane som er gjorde om bruk av mållova, og det skal difor ikkje lenger vera tvil om at helseføretaka skal følgja mållova. Problemet til no har vore at ingenting skjer, og det er i ferd med å gro til dårlege vanar og haldningar ved at helseføretaka har «teke seg til rette». Noregs Mållag vil følgja saka nøye i tida frametter for å sjå til at eventuelle uvanar vert luka bort før dei får feste.

**Døme på brot på mållova og dårleg skjønn i bruk av målform:**

- Helse Nordmøre og Romsdal er språkleg nøytral etter mållova og skal veksla mellom dei to målformene. Dei har vedteke å bruka namnet sykehus, som berre kan brukast på bokmål, i staden for sjukehus som er lov å bruka på både bokmål og nynorsk. Alle stillingar ser ut til å verta lyste ut på bokmål. I nyhendebrevet som kjem kvar månad er det i fjor registrert éi melding på nynorsk.
- Helse Vest skal ha nynorsk tenestemål etter mållova. Like fullt er dei fleste utlysingstekstane for ledige stillingar på bokmål. Internbladet til Helse Fonna har ei klar overvekt av bokmål i sine artiklar. Alle skriv frå Helse Bergen til andre helseføretak er på bokmål. Informasjonen på heimesidene er også på bokmål.
- Helse Sør har vedteke namneendring frå Telemark sentralsjukehus til Sykehuset Telemark. Telemark fylke er rekna som nøytral etter mållova fordi eit fleirtal av kommunane har nøytralt tenestemål. Det er 10 språknøyrale kommunar og 8 nynorskkommunar i Telemark. Då verkar det noko underleg å velja ei namneform på sjukehuset i fylket som berre er lov i bokmål, også med tanke på at forma sjukehus er godkjend språkbruk i både bokmål og nynorsk.

Noregs Mållag har teke opp desse sakene med kulturkomiteen på Stortinget. Lokale mållag har òg teke opp sakene lokalt.

## Posten og språkpraksis etter privatiseringa

Posten var tidlegare pliktig å følgja Mållova. Etter at Posten vart statleg aksjeselskap, fekk ein nye vedtekter: *«Prinsippa i mållova skal følgjast så langt råd er, men likevel ikkje slik at det utgjer nokon ulempe av betydning i høve til private konkurrentar.»* Mållaget oppfatta desse vedtekene fyrst som ei stadfesting av mållovsintensjonane. I praksis har derimot nynorskbrukarar opplevd ei markert forverring i språkbruken:

- Det er ikkje lenger råd å få omadressert posten sin med nynorske blankettar. Dei skal tingast over internett og vert deretter skrivne ut ferdig med gammal og ny adresse til den som flyttar. Grunnteksten her er på bokmål.
- Hausten 2003 hadde Posten ein marknadsføringskampanje i Sogn og Fjordane der kvar annonse var tilpassa den lokale marknaden med namn og bilete til ein lokal kunderådgjevar. Likevel er annonseteksten på bokmål i heile fylket. Det vart i tillegg delt ut «julestri-kalenderar» for desember, også desse har bokmålstekst.
- For firma/organisasjonar er det ikkje råd å tinga ferdigfrankerte konvoluttar med eigen firmalogo på nynorsk. Denne tenesta finst berre på bokmål. Posten skriv i klagesvar at det ikkje svarar seg å ha eit eige opplag av ferdigfrankerte konvoluttar med frankeringsmerke påtrykt Noreg.
- Posten Noreg AS – Logistikk sende før årsskiftet ut brosjyre til bedrifter «Prisliste 2004». Denne er på bokmål også til bedrifter i nynorskkommunar.
- Etter omlegginga til nye frankeringsmaskiner med førehandsbetaling av porto, er det ikkje lenger råd å få frankeringsmerke med «Noreg». Dette var mogleg på dei gamle frankeringsmaskinene. Det inneber at til dømes alle dei godt over 100 nynorskkommunane må stempla posten sin med «Norge».
- Ålmenn tilbakemelding frå mange medlemer er at det no mest berre er bokmålsplakatar, bokmålsbrosjyrar osb. på postkontora og i posthandlane. Nynorskbrukarar opplever ei markert forverring i språkbruken etter at Posten vart aksjeselskap.

Noregs Mållag har bede kulturkomiteen på Stortinget om ei innskjerping der det vert ført tilsyn med praksisen. Det har elles kome fråsegner frå Mållaget sentralt og mållag lokalt.

## Verkeområdet for Mållova

På grunn av omleggingane i offentlege verksemder, har det oppstått ein del tvilstilfelle om verkeområdet for Mållova. Noregs Mållag hadde forventa at Kulturmeldinga skulle koma med ei oppklåring. Det har diverre ikkje skjedd. Kulturmeldinga dreg ikkje klåre nok grenser. Det er bakgrunnen for at Noregs Mållag bed om at andre særlovsselskap «må» innarbeidast i Mållova, at offentlege aksjeselskap «skal» få reglar om målbruk i vedtektene, og at departementet skal godkjenna reglane og ha tilsyn med praksisen. Det gjeld mellom anna Telenor, NSB, Jernbaneverket, Luftfartsverket, NVE og Innovasjon Norge (SND). Røynslene med Posten (jamfør ovanfor) tyder på at det ikkje er presist nok at statlege aksjeselskap skal retta seg etter «prinsippa i Mållova».

Frå Stortinget og Kulturmeldinga kom det spørsmål om verkeområdet for Mållova kan jamførast med Lov om offentleg innsyn. Noregs Mållag har gjeve svar om at verkeområdet for Mållova må vera sjølvstendig definert, av di

ho tener andre føremål. Verkeområdet for Lov om offentleg tilsyn dekkjer i dag same verkeområdet som Forvaltingslova (§ 1 i lovene er identiske), det vil seie eit smalare verkeområde enn det som gjeld for Mållova.

## Evje og Hornnes: Forstad til Kristiansand eller regionsenter for Indre Agder?

I 2003 gjennomførte Mållaga på Agder ein offensiv kampanje i Evje og Hornnes kommune for få kommunen over frå nøytral til nynorsk. I samarbeid med lokallaget samla ein inn 150 underskrifter på eit opprop, og reiseskrivaren har også nytta særs mykje tid på å kontakta lokale politikarar for å samla støtte til oppropet, i tillegg til å fremja saka i media.

Rett før lokalvalet i september offentleggjorde Mållaga på Agder oppropet og fekk mykje blest i media. Kampanjen har gjort at lokallaget har kome i konktakt med eit stort omland av sympatisørar, og det er meir ordskifte om den lokale identiteten og skriftmålet no. Ein arbeider vidare i året som kjem for å nå målet om eit nynorsk regionsenter i Indre Agder.

## Norsk språkpolitikk med nytt språkpolitisk organ

På årsmøtet åt Norsk språkråd i februar 2003 vart det varsla at Norsk språkråd skulle omdannast til eit nytt språkorgan (Kompetansesenter for norsk språk). Kulturdepartementet kom med ei prosjektskisse datert 24. mars 2003, og denne danna grunnlaget for ei grundig fråsegn som Noregs Mållag vedtok på landsmøtet i april 2003. For Noregs Mållag har det vore viktig at jamstellingspolitikken mellom nynorsk og bokmål vert førd vidare, at språkorganet legg vekt på språkstyrking og domenetap, har kontakt med forskingsmiljø, samordnar kompetanse og kunnskap om norsk språk, og framleis har ansvaret for normering. Det har òg vore viktig at organet ikkje vert eit byråkratisk underbruk av Kulturdepartementet, men har ei offensiv kulturpolitisk og språkpolitisk innretting. Noregs Mållag meiner vidare at det må vera ein språkpolitisk og kulturpolitisk representasjon i det nye språkorganet. Noregs Mållag har vore kritisk til den lukka måten omlegginga har gått føre seg så langt.

Noregs Mållag har ved fleire høve etterlyst ein språkkommisjon, og kravd full høyringsrunde om saka. Me har mellom anna vist til det grundige arbeidet som låg bak danninga av Norsk språkråd (Vogt-komiteen).

Kulturdepartementet kom 20. januar 2004 med høyringsutkast for omdanninga av Norsk språkråd; høyringsfristen var sett til 20. april 2004. Noregs Mållag er ein av høyringsinstansane.

## Nynorsk programvare, språkteknologi og digitale læremiddel

Noregs Mållag har i fleire år bede om at det vert stilt krav om språkleg parallellitet i den statlege innkjøpsordninga for programvare. Kulturmeldinga skriv at departementet vil vurdera andre tenlege verkemiddel, av di innkjøpsordninga i staten er desentralisert. Noregs Mållag har i den samanhengen etterlyst konkrete verkemiddel overfor Stortinget. Det trengst offensiv tenking på nett det punktet.



*Sylfest Lomheim er utnemnt til direktør for ein ny institusjon som skal avløysa Norsk språkråd. Institusjonen er førebels omtala som eit kompetansesenter for norsk språk. Foto: H. Lothe*

Det skjer framleis ei diskriminering av nynorskbrukarar gjennom språkteknologien. I offentleg forvalting kan ein i dag berre bruka bokmål i elektroniske arkiv- og sakshandsamingssystem. Det er i strid med jamstellingsprinsippet. I skuleverket er det i dag unntak for kravet om språkleg parallellitet mellom nynorsk og bokmål for kontorstøtteprogram (administrativ programvare). Grunnlaget for unntaket var mangel på programvare, men når det no eksisterer nynorsk programvare og lett kan utviklast meir, har Noregs Mållag kome med utspel om at unntaket må opphevast. Mållaget set i gang ein aksjon om dette i mai 2004.

## Kommune- og fylkestingsvalet 2003

Før valet peika styret i Noregs Mållag ut 3 saker som hovudsaker for mållaga til aksjonar i valkampen; spreiing av nynorske dataprogram, styrking av folkebiblioteka og kamp for sidemålet. Det vart laga nytt flygeblad for nynorske dataprogram med tittelen «Endeleg - ta i bruk nynorsk data». I tillegg var det fleire lag som brukte aksjonsmateriellet frå bibliotekaksjonen i mai. Fleire lag stilte spørsmål gjennom brev eller opne brev i lokalavisa til toppkandidatane i sine kommunar og fylke. Noregs Mållag har ikkje fullgodt oversyn over alle dei lokale tiltaka som vart gjennomførde under valkampen. Inntrykket er likevel at aktiviteten i laga var høgare denne hausten enn ved tidlegare valkampar.

Sentralt måtte ressursane i hovudsak brukast på å forsvara sidemålet, då Oslo Høgre gjekk ut med krav om fritak for skriftleg sidemål for alle dei vidaregåande skulane i Oslo.

# Talemål og skriftmål

## Normering

I heile arbeidsperioden har Kultur- og kyrkjedepartementet hatt til handsaming normeringsvedtaket som nynorskseksjonen i Norsk språkråd gjorde 14. februar 2003. Normeringsvedtaket åt nynorskseksjonen gjekk mellom anna ut på å halda på ordninga med hovudformer og sideformer, slik Noregs Mållag hadde gått inn for.

Det viste seg at siste ord ikkje er sagt i normeringsspørsmålet. Kulturdepartementet kunngjorde i brev datert 28. januar 2004 at det førebels ikkje skal gjerast endringar i rettskrivinga, korkje i nynorsk eller bokmål. Det heitte at ei avgjerd i rettskrivingssaka fyrst vil koma ut på hausten 2004, og eventuelle endringar kunne fyrst gjelda frå hausten 2005. Departementet gjorde greie for at det er eit overordna mål med stabilitet i rettskrivinga, og at spørsmålet om godkjenning av språkrådsvedtaket må sjåast i samanheng med heile rettskrivingsstoda.

Departementet knytte den manglande godkjenninga av språkrådsvedtaket med arbeidet for å omdanna Norsk språkråd til eit nytt språkorgan (jf. ovanfor). Det er førebels uklårt kva rolle normering skal ha i det nye språkorganet, likeins er det uklårt kven som skal stå for normeringa. Mållaget meiner at normering er eit offentleg ansvar, og at Noregs Mållag skal vera representert i eit normeringsorgan.

Fireårsperioden åt Språkrådet gjekk ut ved årsmøtet i februar 2004, men gjennom kronprinsfullmakt er funksjonstida forlenga til det nye språkorganet er på plass.

Noregs Mållag har vore redd for at for stor valfridom, til dømes gjennom bortfall av læreboknormalen, kan føra til bokmålisering av nynorsk. Då er det interessant å merka seg at dei to store dataprogamvarene på nynorsk, Microsoft Office og Open Office, bruker meir tradisjonelle former, til dømes datahandsaming og a-infintiv (Open Office).

## Talemål

Noregs Mållag skipa 27. og 28. september haustseminar i Oslo om «dialektpolitikk». Innleiarar var: Gunnstein Akselberg (Dialektendringar i Noreg), Unn Røyneland (Dialekt og identitet blant unge. Døme frå Røros og Tynset), Olaf Husby (Kva dialekt skal innvandrarar lære?), Rutt Trøite Lorentzen (Dialekt i barnehagen), Ola Breivega og Helge Sandøy (Målsak utan dialekt?), Torbjørn Svendsen (Dialektar og språkteknologi). Innleiingane heldt eit høgt fagleg nivå, og det kom fram mykje interessant stoff som hadde fortent eit større publikum.

Ordninga med haustseminar har avløyst vintereseminara åt Mållaget. Diverre var der denne gongen ein del kollisjonar med andre nynorskarrangement. Ved seinare høve bør ein nok vurdera å arrangera seminaret litt seinare i semesteret og utanfor Oslo.

## Stadnamn

I februar sende Kulturdepartementet ut høyringframlegg til endringar av Lov om stadnamn (frå 1991). Styret i Noregs Mållag sende ei fråsegn i god tid før høyringsfristen. Hovudgrunnlaget for Noregs Mållag har – som tidlegare – vore stadnamna som verneverdige kulturminne, og at kulturvernomsynet ikkje treng å stå i motsetnad til den



*Tidlegare styremedlem i mållaget og medlem i styret for Pirion, Rutt Trøite Lorentzen, hadde innleiing om «Dialekt i barnehagen» på haustseminaret.* *Foto: Hege Lothe*

praktiske funksjonen. Me har såleis reagert skarpt mot framlegget om at «nedervd lokal uttale» som grunnlag for fastsetjing av skrivemåten er svekt, ved at ein vil ha ein «den lokale talemålsforma av namnet».

Denne talemålsforma har departementet definert som «den uttaleforma som er i allmenn bruk av folk som er busette på staden». I mange høve kan det her verte påstand mot påstand. Av kulturvernomsyn er det mest føremålstenleg at nedervd lokal uttale får forrang framføre nyare, skriftpåverka uttaleformer som ofte er baserte på feilstavingar frå dansketida. Styret meiner vidare at gardsnamn og bruksnamn ikkje skal gjevast særhandsaming. Den namnefaglege kompetansen må ikkje svekkjast. Saksgangen i ordinære namnesaker bør altså vera som før.

Endringsframlegga til stadnamnlova kjem tre år etter departementet sist kom med liknande endringsframlegg; då var samanhengen evaluering av stadnamnlova. Departementet prøvde seg med liknande framlegg då, men fekk mykje motbør i høyringsrunden, mellom anna av Mållaget. me kan berre konstatera at ein no prøver seg igjen.

# Internasjonalt arbeid

Noregs Mållag har i fleire år hatt oppretting av internasjonalt utval på arbeidsprogrammet.

Dette arbeidsåret oppnemnde styret eit internasjonalt utval med desse medlemene: Tove Bull, Gudrun Kløve Juuhl, Endre Brunstad, Trond Trosterud og Johannes Nymark. Føremålet med Internasjonalt utval er å skaffa Noregs Mållag kunnskap om målsak som internasjonalt fenomen, og vurdera arbeidet til Noregs Mållag i høve til internasjonale utviklingstendensar. Utvalet skal arbeida fram eit framlegg til internasjonalt strategiprogram for Noregs Mållag. Eit slikt framlegg skal leggjast fram for landsmøtet i 2005.

Internasjonalt utval har hatt møte i februar og mars. Det er målet at utvalet skal stå for eit seminar under landsmøtet 23.-25. april. Vonleg vil det vera mogleg å skaffa ekstern finansiering for ein del av aktiviteten til utvalet.

# Samskipnaden

## Lag og medlemer

Medlemsutviklinga har dei siste åra vore slik (betalande medlemer 31. desember.):

| | Medlemer | Endring | Tilgang | Fråfall† | Fråfall* |
|---|---|---|---|---|---|
| 1993 | 11 726 | | | | |
| 1994 | 11 582 | - 144 | | | |
| 1995 | 10 820 | - 762 | | | |
| 1996 | 11 113 | 293 | 487 | 194 | |
| 1997 | 10 826 | - 287 | 566 | 853 | |
| 1998 | 10 852 | 26 | 691 | 665 | |
| 1999 | 11 046 | 194 | 775 | 581 | |
| 2000 | 11 001 | - 45 | 539 | 584 | |
| 2001 | 10 883 | - 118 | 476 | 594 | |
| 2002 | 10 588 | - 306 | 658 | 688 | 276 |
| 2003 | 10 329 | - 259 | 491 | 731 | 235 |

† Utmeldingar og avlidne
* Har ikkje fornya



*Ingvild Kleiveland Vevle opna målkontoret i Gloppen med Underdalsmarsjen. Elevar frå Firda Målungdom sit bak og ventar på å få sleppa til med dikt og song. Foto: Sindre Humberset*

Medlemstalet gjekk ned med 259 medlemer (2 prosent) i 2003. Det er registrert fødeår på 49,5 prosent av medlemene, og gjennomsnittsalderen er no 58 år, ein oppgang på nesten fem år sidan førre årsmelding.

Praksisen med medlemsregistreringa er slik at medlemer som ikkje betaler, blir ståande i registeret og får tilsendt medlemspengekrav og *Norsk Tidend* i tre år. Deretter vert dei sletta. Dei som ikkje har betalt, er med på medlemslistene som lokallaga får tilsendt slik at laga kan ta kontakt med dei, men dei vert sjølvsagt ikkje rekna med i medlemstalet. Ved årskiftet 2003/2004 gjennomførte skrivarstova ei opprydding i medlemslistene, og det er no 11696 namn i medlemsregisteret. Dette inkluderer mellom anna tingarar av *Norsk Tidend*.

### Vervearbeidet

Fråfallet av medlemer har vore om lag det same som i 2002, men vervinga har diverre falle attende til 2001-nivået.. Det har likevel vore eit sterkt fokus på verving i 2003, men me fekk ikkje meir enn 491 nye medlemer. Det vart verva 111 medlemer som ikkje hadde betalt medlemspengane innan utgangen av 2003.

Lokallaga fekk tilsendt blanke medlemspengegiroar for å verva ny medlemer, og medlemslistene vart sende ut for at laga kunne purra på dei som ikkje hadde betalt.

Som tidlegare har det vist seg at det er den personlege vervinga (venevervinga) som gjev best resultat.

### Lokallag og fylkeslag

For 2002 mottok skrivarstova årsmelding frå 124 lag og 16 fylkeslag. For 2001 var talet 141 og 17. Somme aktive lokallag sender ikkje inn årsmelding, noko som gjer at dei ikkje får nytta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden. Likevel er det dramatisk at så mange lag ikkje leverer årsmelding.

Andøy Mållag og Melhus Mållag er skipa i perioden frå førre landsmøte. Ulvik Mållag har hatt oppattskipingsmøte. Frogner & Uranienborg Putlarmållag har lagt ned laget. Ti lag er med både i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag (inga endring). Norskdomslaget i Porsgrunn har vedteke å melda seg ut av Noregs Mållag med verknad frå 2005.

Yrkesmållaga har styrkt kontakten mellom laga, og fleire av yrkesmållaga legg planar for å verta meir landsfemnande. I perioden vart det skipa eit Landbruksmållag.

### Organisasjonssatsinga

I tråd med tidlegare vedtak frå landsmøte i NM har organisasjonen hatt eigne reiseskrivarar for ulike landsluter. Utgangspunktet har vore å knyta det ålmenne arbeidet meir beinveges til den arenaen der det faktiske målarbeidet vert gjort: i lokallaga. Det har ikkje vore tilstrekkeleg samsvar mellom målsetnadene i arbeidsprogramma åt NM siste tiåra og det faktiske resultatet, mykje godt av di organisasjonen har vanta ein plan for korleis gjennomføringa av sentralt vedtekne planar skal gjerast lokalt.

I praksis har organisasjonssatsinga vore samarbeid mellom skrivarstova/reiseskrivarar og lokal- og fylkeslag på mest alle felt som er nemnde i arbeidsprogrammet til NM. Dette gjeld så vel skulemålsarbeid som offentleg målbruk og anna målarbeid. Eit generelt drag ved *innhaldet* i organisasjonssatsinga har vore mangel på langsiktig plan i arbeidet. Til dømes må medlemsverving og styrking av tillitsvalde vera grunnleggjande i organisasjonsbygginga – like fullt har mest ingen fylkeslag hatt eigne tiltak som



*Eit av dei viktigaste arbeidsområda til Norsk Målungdom i 2003 var nynorsk i media. Her Eva Marie Mathisen i Dagbladaksjon. Foto: Lars Rottem Krangnes*

skal verka leiarutviklande. Eit tiltak som har vore viktig i organisasjonssatsinga, er initiativ til gjennomføring av særskilde saker i lokallaga, ikkje minst andsynes barnehagar og barnekultur.

Konkret har organisasjonssatsinga kome til uttrykk gjennom fylkesvise vervekampanjar, knytte til fylkesvist tilfang (flygeblad) og aksjonar. Eit føremål har vore å prøva å få liv i sovande lag. I Naustdal i Sogn og Fjordane vart lokallaget oppattliva etter fleire års i dvale. Det viste seg vera nokså greitt å få laget på fote når ein fyrst hadde fått rette folka med. Det bør likevel vera ein rimeleg påstand å hevda at potensialet for styrking og oppattliving av sovande lag er stort og ikkje utnytta godt nok i perioden.

Å knyta sentrale ressursar direkte opp mot lokallag og fylkeslag er rette vegen å gå framover, men det krev at alle nivåa i organisasjonen har synspunkt på kva og korleis me ynskjer byggja rørsla over fleire år.

På **Vestlandet** har reiseskrivarane vore med på oppattskiping av sovande lag i Naustdal og Alversund og regionale sammøte med lokallaga i Rogaland. I perioden har førearbeidet til ei større satsing i Sogn og Fjordane vorte lagd (gjennomføring i 2004). Attåt arbeid i direkte samarbeid med fylkeslaga har reiseskrivarane vore på ei rad lags- og årsmøte i lokallaga.

I **Telemark** har reiseskrivaren følgt opp Telemark Mållag sine initiativ for å få nytt liv i mållag i fylket. Telemark Mållag organiserte i januar 2003 ein reiserunde i etterkant av ein vellukka vervekampanje i 4 kommunar for å starta opp att lokallaga. Det var Hjartdal, Fyresdal, Nissedal og Drangedal kommunar. Føremålet med møta var å få drege i gang arbeidet med å få til nye styre og meir aktivitet. Reiseskrivaren innleidde på alle møta. Det er no interimstyre i Nissedal og Fyresdal. Drangedal har ein fungerande styre.

I **Troms og Finnmark** har fylkeslaget laga reiseruter slik at reiseskrivaren har fått vitja nesten alle laga to gonger i perioden. I tillegg har reiseskrivaren hatt møte med lærarar og mange timar med målferd på ymse vidaregåande skular. Hausten 2003 vart Andøy Mållag skipa.

På **Sunnmøre** har reiseskrivarane i samarbeid følgt opp fylkeslaget for å få i gang att arbeidet i styret. Det er halde fylkesstyremøte og det nyvalde styret er i full sving. Det vart gjennomført to dagar med verving på Høgskulen i Volda i august 2003, og det er skipa eit nytt studentmållag her.

På **Agder** har ein i 2003 arbeidd for å få fokus over frå forsvarsarbeid til offensivt arbeid for meir nynorsk på Agder. Reiseskrivaren har difor nytta store delar av arbeidskrafta på ein kampanje i Evje og Hornnes, der kravet vårt er at kommunen skal vera ein nynorskkommune.

Andre viktige arbeidsoppgåver på Agder i 2003 har vore landsmøtet i Noregs Mållag i Grimstad, røystinga i Mykland skulekrins, striden om administrasjonsmålet i Åmli, parallellklassearbeidet i Kristiansand og lagsbygginga i Kvinesdal.

Det har ikkje alltid vore samsvar mellom planane styret har hatt, og det arbeidet som faktisk har vorte utført. Det kan skuldast fleire tilhøve: Det er vanskeleg å laga detaljerte planar for organisasjonsbygging. Organisatorisk vekst handlar om einskildpersonar som vert motiverte til å gjera ein innsats. I tillegg vil resultata av arbeidet i stor grad vera bestemt av kva for saker lokal- og fylkeslag oppfattar som viktige. Reiseskrivarane har difor prioritert å arbeida saman med lokal- og fylkeslag med saker og stader som båe partar tykkjer er viktige.

At planane har vorte endra undervegs, er også eit resultat av vantande kjennskap til organisasjonen då planane vart laga. Og vantande dialog. Det vil alltid kunna vera motsetjingar mellom kva saker og regionar styret og landsmøtet vurderer som viktige, og om lokal- og fylkeslag dette gjeld synest det er viktig.

## Studiearbeid og leiartrening

Noregs Mållag er ein av 11 medlemsorganisasjonar i Folkekulturforbundet. I 2002 hadde me registrert 407 studietimar, og i 2003 var det 406 studietimar. Ut frå rapportane om aktivitetane i lokallaga kan me slå fast at det går føre seg mykje studiearbeid som ikkje vert rapportert inn. Sjølv om ein ikkje får studiestøtte for det, er dette verdfullt arbeid.

Oversynet over studieringane og studiemateriellet til Noregs Mållag vart sendt ut til alle lokallaga saman med innmeldingsskjema for studieringar og studietiltak.

I desember 2003 vart det gjennomført eit strategiseminar i Noregs Mållag der målaktivistar frå heile landet møttest for å drøfta utfordringane målrørsla står andsynes, og med trening i argumentasjon og ordskifteteknikk. Seminaret var svært vellukka.

## Landsmøtet 2003

Landsmøtet vart halde i Grimstad i dagane 2. til 4. april Det var påmeldt totalt 182 utsendingar, observatørar og gjester.

NMU-saka var oppe både under leiartalen og årsmeldinga. Saka har prega aktivistane i målrørsla, og mange




*Hundreårssoga til Studentmållaget i Oslo, «Studentar i målstrid» kom ut i 2003. Boka er eit av dei største verka over norsk målrørslesoge dei siste åra.*

sette pris på orienteringa leiaren i NMU hadde i byrjinga av årsmeldingsordskiftet.

Jan Olav Fretland frå Norsk Språkråd heldt landsmøtetalen om «Det trengst ein heilskapleg norsk språkpolitikk».

Det var parallelle seminar med innleiingar om ulike politiske arbeidsfelt som ei eiga arbeidsøkt både laurdag og sundag under møtet. Seminara er populære blant deltakarane, ikkje minst interne og «daglegdagse» tema. I år var det seminara om pressearbeid i lokallaga og argumentasjonskurs som fekk størst oppslutnad.

Dei lokale tilskiparlaga hadde laga til ei god ramme for landsmøtet og hadde ei stø hand om tilskiparoppgåvene.

Opptellinga av medieoppslag i etterkant av landsmøtet synte 159 oppslag, mot 167 i Oslo året før, 193 under landsmøtet på Bryne og 270 under landsmøtet i Bergen i 2000. Årsaka til nedgangen skuldast hovudsakleg at landsmøtetidpunktet er endra slik at ein ikkje får nytte av sumartørka i pressa.

## NMU-saka

I oktober 2002 viste TV2 eit dokumentarprogram som synte fram omfattande medlemsfusk i Norsk Målungdom. Programmet var byrjinga på den såkalla NMU-saka, ei sak som har vekt mykje merksemd i og utanfor målrørsla. Saka vart etterforska av Økokrim, og kom opp i Oslo tingrett i desember 2003.

17. desember 2003 vart seks tidlegare tillitsvalde i Norsk Målungdom dømde som skuldige i saka. Tre av dei seks skal etter domen sona seks månader utan vilkår, to skal sona fire månader utan vilkår, medan den siste skal sona 4 månader, av desse 30 dagar på vilkår. I tillegg fekk organisasjonen Norsk Målungdom ein tilbakebetalingsdom på 2,88 millionar kroner og ei bot på 100 000 kroner. Skuldspørsmålet vart vedteke av alle, men dei seks straffedømde anka straffeutmålinga. Anken kjem opp i august 2004. Norsk Målungdom har godteke straffa.

Noregs Mållag har heile tida sett alvorleg på denne saka. Norsk Målungdom har gjeve opp for høge medlemstal til staten, og på den måten fått pengar som organisasjonen ikkje hadde krav på. Overrapporteringa av medlemer har vore systematisk, og gått føre seg gjennom fleire år. Det har òg kome fram at det i leiinga av Målungdomen har vore eit press som dei dømde har kjent seg bunde av. Det gjer saka særleg alvorleg.

Det må understrekast at dei som no har fått dom, ikkje har hatt personleg vinst av medlemsfusket. Alt dei har gjort, har vore til fordel for Målungdomen. Me skal òg hugsa på at når dei seks har sona straffa si, har dei òg gjort opp for seg.

Norsk Målungdom er ein sjølvstendig organisasjon, og Noregs Mållag har på ingen måte vore involvert i medlemsfusket. Når Noregs Mållag likevel har teke ansvar for å følgja opp Norsk Målungdom, er det både av di Norsk Målungdom gjennom samarbeidsavtalen har status som vår ungdomsorganisasjon og av di me har ansvar for å følgja opp nynorskarbeid blant ungdom.

Dei som i dag er aktive i Norsk Målungdom, kan ikkje koplast til medlemsfusket. Leiinga i Målungdomen har då òg handtert saka på ein måte Noregs Mållag så langt er nøgd med. Leiinga har teke avstand frå medlemsfusk. Saka har i det heile det gode ved seg at systemet med overrapportering av medlemer har kome fram, og vorte stoppa. Mediemerksemda, etterforskinga og rettssaka har fungert reinsande for organisasjonen. Noregs Mållag har elles fått tilgang til medlemslistene åt Målungdomen, og kan sjekka desse i høve til kvitteringar for medlemskap.

Noregs Mållag er interessert i at Norsk Målungdom gjer opp for seg økonomisk og kjem seg vidare. Målungdomen har fått ein tilbakebetalingsavtale med Statens Innkrevingssentral der dei må betala attende dei 2,88 millionane over 10 år. Norsk Målungdom tilfredsstilte krava for statsstøtte i 2003. Noregs Mållag ser like fullt at dårleg økonomi er eit alvorleg trugsmål mot arbeidet åt Målungdomen.

Mållaget ser at ungdomsarbeid er avgjerande for rekrutteringa til målrørsla, og har i den samanhengen gjeve ulike former for støtte til målungdomsarbeid. Det har vore heilt uaktuelt for Noregs Mållag å gje økonomisk støtte som kan brukast til å betala ned på tilbakebetalingskravet.

Sjølv om tilhøvet mellom Noregs Mållag og Norsk Målungdom for tida er godt, er det på det reine at Norsk Målungdom gjennom fleire år har brote tillitsforholdet overfor oss. Såleis må me òg sjå nærmare på det politiske tilhøvet mellom dei to organisasjonane. Såleis har samarbeidsavtalen vore drøfta. Dinest har styret sett det som ei historisk plikt å vurdera den urettmessige politiske påverknaden Målungdomen kan ha hatt på Noregs Mållag. På styremøte i desember 2003 vart det gjort vedtak om at styret ved leiaren og nestleiaren skal sjå nærmare på spørsmålet om overrapportering av medlemer frå Norsk Målungdom kan ha hatt konsekvensar for politiske vedtak på landsmøtet åt Noregs

Mållag, gjennom for stor representasjon frå Målungdomen. Målet var at ein skal leggja fram informasjon til landsmøtet i Noregs Mållag i april 2004. Landsrådsmøtet i januar 2004 slutta seg til ein slik framgangsmåte, og la til at ein ynskte å sjå nærmare på den meir kvalitatative innverknaden åt Norsk Målungdom, særleg i samband med landsmøta og leiarvala i 1997 og 1999. me vil her visa til ein eigen rapport i samband med landsmøtet i april 2004.

# Informasjons- og mediearbeid

## Pressearbeid

På landsmøtet vart det halde eit eige seminar om presse- og informasjonsarbeid. Seminaret vart teke godt i mot, og mange av landsmøtedeltakarane var innom eitt av dei to seminara som vart skipa til. I meldingsåret har dette blitt følgt opp med eitt seminar i Nordmøre Mållag og eit eige punkt på strategisamlinga i desember. Målsetjinga med desse kursa er at dei tillitsvalde skal få kunnskap om å driva pressearbeid, få inspirasjon og ikkje minst læra av kvarandre. Det er viktig å halda fram diskusjonen om kva som er godt mediearbeid og korleis Mållaget best mogleg får fram sakene sine i media.

## Presseklypp

Noregs Mållag har som tidlegare betalt for ei eiga klyppteneste. Observer Norge går gjennom aviser, Internett/byrå, radio, tekst-TV, tidsskrift og fjernsyn og sender dagleg alle klypp som inneheld ein del stikkord som er relevante for målrørsla, til skrivarstova. I arbeidsåret er samarbeidet med Nynorsk kultursentrum og Landssamanslutninga av nynorskkommunar ført vidare, slik at desse føretaka har ein felles klyppavtale. Ordninga for presseklypp er slik at Nynorsk kultursentrum arkiverer medieklyppa medan Noregs Mållag berre tek vare på dei i ein avgrensa periode og sender dei på faks til LNK og LNK-nytt.

## Presseklypp frå Observer

| | 2003 | 2002 | 2001 | 2000 | 1999 |
|---|---|---|---|---|---|
| Januar | 188 | 230 | 463 | 215 | 203 |
| Februar | 279 | 182 | 264 | 391 | 316 |
| Mars | 324 | 228 | 381 | 446 | 284 |
| April | 396 | 346 | 374 | 263 | 256 |
| Mai | 209 | 273 | 324 | 288 | 178 |
| Juni | 275 | 219 | 476 | 391 | 235 |
| Juli | 137 | 112 | 362 | 339 | 232 |
| August | 150 | 147 | 350 | 485 | 290 |
| September | 328 | 171 | 292 | 472 | 283 |
| Oktober | 297 | 437 | 259 | 411 | 283 |
| November | 341 | 258 | 389 | 359 | 273 |
| Desember | 359 | 122 | 260 | 195 | 252 |
| **Samla** | **3283** | **2725** | **4 194** | **4 255** | **3 085** |

Denne statistikken syner oss ikkje kva som er gode eller mindre gode oppslag for mållaget eller målsaka. Han gjev berre eit generelt bilete av kor mange saker det vert laga der nynorsk, sidemål, Noregs Mållag, Ivar Aasen, Aasentunet, Landssamanslutninga for nynorskkommunar eller Norsk Målungdom vert nemnde.

## Pressemeldingar

Ein viktig del av pressearbeidet er å senda ut aktuelle pressemeldingar. Desse vert sende til om lag 180 redaksjonar og journalistar over heile Noreg. Noregs Mållag har frå 23. februar 2003 til 6. februar 2004 sendt ut 22 pressemeldingar. Dette er ein liten tilbakegang i forhold til i fjor. I årsmeldingsperioden har det blitt sendt ut monaleg fleire lesarbrev enn tidlegare år.

- Ny nynorskopplæring for framandspråklege, 11.3.2003
- Endre Brunstad innstilt som ny leiar i Noregs Mållag, 1.4.2003
- Hans Sande og Gry Moursund er tildelt Nynorsk barnelitteraturpris 2002, 4. 4.2003
- Inger Bråtveit er tildelt Nynorsk litteraturpris 2002, 4.4.2003
- Målblome til redaktør Sigurd Haugsgjerd , 4.4.2003
- Inger Lise Stulien fekk Målblome 2003, 4.4.2003
- Endre Brunstad er ny leiar i Noregs Mållag, 6.4.2003
- Ta i bruk NynorskPluss!, 7.4.2003
- Stø opp om biblioteka!, 7.4.2003
- Målprisen 2003 til Ola Jonsmoen, 7.4.2003
- Kan nynorskfolk lite på Høgre?, 30.5.2003
- Skal ikkje hovudstadsuniversitetet vera nasjonalt?, 25.6.2003
- Mållaget utfordrar Sylfest, 22.8.2003
- Vil nynorsken vel, men lite konkret, 29.8.2003
- Nynorsk helsing til sju ordførarar frå Framstegspartiet!, 30.9.2003
- Mållaget vil gje NRK økonomisk spelerom, 9.10.2003
- Statsbudsjettet: - Ikkje godt nok for Noregs Mållag, 9.10.2003
- Viktig datasiger for nynorsken!, 11.11.2003
- – Carl I. Hagen med argument for sidemål, 20.1.2004
- Ny reiseskrivar i Noregs Mållag, 23.1.2004 (sendt til pressa på Vestlandet)
- – Oslo-byrådet med åtak mot tospråksituasjonen, 4.2.2004
- Noregs Mållag helsar den samiske nasjonen, 6. 2.2004

## Lesarbrev

Å skriva lesarbrev om aktuelle saker er viktig for at Mållaget skal stå fram som «ein kulturpolitisk stridsorganisasjon». I arbeidsåret vart det laga ein lesarbrevmal for lokallaga i samband med aksjonen «Slå ring om biblioteka!». Dessutan har det blitt sendt ut tre innlegg til om lag 150 aviser over heile Noreg. I dette arbeidsåret har leiaren i Mållaget vore aktiv i forhold til å skrive lesarbrev. Mange av lokallaga og medlemene i Mållaget brukar lesarbrevspaltene i avisene aktivt.

- Kan nynorskfolk lite på Høgre? Bergens Tidende, 31.5.2003
- Høgre og sidemålet, Bergens Tidende, 5.6.2003
- Nynorsken i Åsane, Bergens Tidende, 16.6.2003
- FrP, sidemålet og det norske, 27.6.2003 (sendt til 150 aviser)
- Kvifor hatar Oslo nynorsken?, Dag og Tid, 13.9.2003
- Oslo er faktisk hovudstaden i Norge, Oslo Byes Vel, Aftenposten Aften, 7.10.2003. (Aftenposten Aften skreiv Norge framfor Noreg!)
- Oslo Byes Vel og sidemålet, Dagbladet 10.10.2003
- Det språklege mangfaldet, Dagsavisen, 23.10.2003

- Oslo – byen med den store navlen, 4.11.2003 (sendt til 150 aviser)
- Den synlege nynorsken, Dagsavisen, 11.11.2003
- Sidemålet som ressurs, Dagbladet, 11.2003
- Domen mot Målungdomen, 19.12.2003 (sendt til 150 aviser)
- Oslo Høgre og kampen mot sidemålet, Nationen, 11.12.2003
- Noregs Mållag tek ansvar, 12.12.2003
- Mållaget og Målungdomen, Firda, 12.2003
- Mållaget og Målungdomen, Nordlys, 12.2003
- Oslo og kampanjen mot nynorsk, Aftenposten Aften, 12.01.2004
- Fleirtal for å ta bort nynorsken i Oslo-skulen? Aftenposten Aften, 13.1.2004
- Nynorsken i Oslo, Dagsavisen, 14.1.2004
- Kampen om sidemålet, Bergens Tidende, 22.1.2004
- Carl I. Hagen – sidemålsvenn og dialektvenn, Dagbladet, 25.1.2004
- Styrk sidemålet!, 9.3.2004 (sendt til 150 aviser)
- Organisasjonskultur, Dag og Tid, 20.3.2004.

## Pressearbeidet knytt til landsmøtet

Observer registerte om lag 144 treff før, under og etter landsmøtet. I Oslo i 2002 var det 167 treff, på Bryne var det 193, medan det i Bergen i 2000 var heile 270 treff. I 1999 var det 155 treff. Oppslaga var fordelt på aviser, radio, nettaviser og tekst-tv. Observer meiner det klarer å fanga opp om lag 80 prosent av oppslaga i media. Av dei 144 klyppa var det 88 notisar utan bilete og elleve notisar med bilete. Det var ni artiklar med bilete og 27 artiklar utan bilete. Det var sju radiomeldingar under landsmøtet. Det var to lesarbrev i framkant av landsmøtet. Nytt i år var det at NPK var til stades på landsmøtet heile laurdag. Endre Brunstad fekk gode oppslag i Sunnmørsposten og på heile nordvestlandet. Også i andre aviser har det vore godt med klypp på dette. Lokalmedia med Grimstad Adressetidende og Agderposten gav landsmøtet god dekning. Ingen av landsmøtesakene «tok av» i media, men vart refererte stort sett slik mållaget sende ut meldingane sine. Dette er det landsmøtet med færrast presseklypp sidan 1999. Dette skuldast sjølvsagt fleire ting. Noregs Mållag sine landsmøte vil nok stabilisera seg på eit noko lågare klyppnivå enn det var mogleg å få til i agurktida om sommaren. Presseutspela var ikkje godt nok førebudde på førehand. Dessutan fekk me store tekniske problem med dataopplegget undervegs, slik at me ikkje fekk sendt ut så mange pressemeldingar som fyrst tenkt.


NORSK TIDEND
Lerum smakar best!
Ny giv på Agder
Nynorsk for alle på Agder
– Endeleg nynorsk!
B-BLAD


NORSK TIDEND
Målrockfestival
Nordisk poesibok for born
B-BLAD

## *Norsk Tidend*

*Norsk Tidend* er ein viktig kontakt mellom Noregs Mållag og medlemene, nynorskfolk og dei politiske miljøa. *Norsk Tidend* kom ut med eitt nummer på våren etter landsmøtet og tre nummer hausten 2003. Til saman vart det gjeve ut fem nummer i 2003. På nyåret er det gjeve ut to aviser i framkant av landsmøtet, eitt av nummera med spesiell fokus på landsmøtebyen Ålesund. Frå og med 2000 har *Norsk Tidend* kome ut fem gonger i året. Dette er i tråd med arbeidsprogrammet til Noregs Mållag.

I perioden har det vore ein fast redaksjon i Oslo. Dessutan har det vore to faste skribentar i Trondheim og ein i Bergen. I tillegg har det vore kjøpt inn tekstar og bilete frå journalistar knytte til mellom anna lokalaviser. *Norsk Tidend* har om lag to sider fast til tekst frå Norsk Målungdom. I tillegg nyttar ein tekstar frå Kringom (bladet til Kringkastingsringen) og Nynorsk Pressekontor. Styret har *Norsk Tidend* som styresak ein gong i året. Stoffprofilen til *Norsk Tidend* er å følgje opp dei viktigaste politiske sakene til Noregs Mållag, i tillegg til å dekkja organisatoriske lyft. Ved sida av dette har det vore viktig å dekkja saker og stoffområde som folk innanfor målrørsla er opptekne av.

I samband med landsmøtet delte lokallaga på Agder ut 5.500 aviser med flygeblad frå Mållaga på Agder som istikk.

## *Nytt om nynorsk*

*Nytt om nynorsk* har kome ut med fire nummer i perioden. I prosessen med at informasjonsmedarbeidaren flytta til Gloppen og Noregs Mållag si satsing på organisasjonsbygging, har ansvaret for *Nytt om nynorsk* blitt lagt på «organisasjonsavdelinga». Målet er å nå målsetjinga for utgjevingar som vert sett i arbeidsplanen. *Nytt om nynorsk* er eit viktig informasjonstiltak som bør halda fram.

## Heimesidene til Noregs Mållag

Nettsidene til Noregs Mållag, www.nm.no, er både ei intern og ei ekstern informasjonssatsing. Nettsidene skal vera ein stad ein kan få oppdatert informasjon om Noregs Mållag, både for dei som arbeider med målsak jamleg og for dei som tilfeldigvis er innom. Informasjonen om organisasjonen og dei sakene Noregs Mållag arbeider med, har gradvis vorte bygd ut. Særleg legg me vekt på å få ut aktuell informasjon (medieoppslag, pressemeldingar, høyringsfråsegner og andre aktuelle dokument).

I denne arbeidsperioden har arbeidet med heimesidene fungert betre enn tidlegare arbeidsperiodar. Nyhendeoppdateringa har kome inn i fastare former, i tillegg til at oppdateringane av annan informasjon på nettet har fungert tilfredstillande.

Hausten 2003 deltok informasjonskonsulenten frå Mållaget på møte med dei andre som arbeider med å oppdatera hei-

mesider innanfor Nynorsk Forum. Då vart ein samd om at ein skulle prøva å samarbeida tettare med informasjon om nynorsken på nettet. Heimesidene treng å få ei oppdatering i form. Dette vil det bli arbeidd meir med i året som kjem.

## Materiellproduksjon

Noregs Mållag har gjennom den siste arbeidsprogramperioden på tre år hatt ein kraftig vekst i materiellproduksjonen. Det gjeld både salstilfang og materiell til utdeling. Salstilfanget har vorte godt motteke og inntektene har finansiert nye opplag av tilfang. Siste nyvinninga var sengklede illustrert med verbet «å sova» med ordforklaring, henta frå Norsk Ordbog.

Siste arbeidsperiode har sentrallekken finansiert halvparten av regionale flygeblad i fylkeslaga. Hittil har desse laga flygeblad; Troms og Finnmark, Aust- og Vest-Agder, Nordmøre, Hordaland og Romsdal. I tillegg er Sogn og Fjordane og Rogaland i arbeid.

## Opning av målkontor

I august opna Noregs Mållag eit målkontor i Gloppen. Her held Hege Lothe til og held fram med sitt arbeid med *Norsk Tidend* og anna informasjonsarbeid. I september var det flott opning av kontoret med både underhaldning, talar og servering. Opninga fekk fin merksemd i lokale media. Målkontoret i Gloppen er ei prøveordning og vil bli evaluert av styret etter eitt år i drift.

**Døme på postkort, flygeblad, plakatar og lysingane frå 2003 og 2004**















# Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

## Heiderslagsmedlemer

Heiderslagsmedlemer i Noregs Mållag er no Ivar Eskeland, Torolv Hesthamar, Olga Meyer, Einfrid Perstølen og Magne Rommetveit.

## Styret og arbeidsutvalet

Styre og arbeidsutval i arbeidsåret 2003-2004 har vore:

Leiar: Endre Brunstad
Nestleiar: Sigrun Høgetveit Berg
Styremedlemer: Astrid Marie Nistad, Elisabeth Bakke, Anne Steinsvik Nordal, Karstein Bjørge og Gudrun Kløve Juuhl (NMU).
Varamedlemer: 1. Nils Ulvund, 2. Bodil Haug, 3. Hans Olav Brendberg, 4. Kjellaug Brørs, Lars Rottem Krangnes (NMU) og Signhild Stave Samuelsen (NMU).

Styret har hatt 9 møte og handsama kring 110 saker når arbeidsåret er over. To av møta har vore telefonstyremøte. Styret har brukt mest tid på sidemålsaka, NMU-saka og organisasjonsbygging. Andre viktige saker har vore kulturmeldinga, arbeidsprogram, skulepolitikk, omdanninga av Norsk språkråd, nynorsk data, Opedalsfondet, 2006-jubileet og tilhøvet til nærskylde tiltak.

Styret har samarbeidd godt seg i mellom og med dei tilsette på skrivarstova. Fleire saker er vortne delegerte til arbeidsutvalet, etter at styret har drøfta dei prinsipielle sidene ved sakene.

AU har hatt 5 arbeidsmøte og handsama kring 50 saker når arbeidsåret er over. AU har brukt mykje e-post og tekstmeldingar. Det har elles vore mykje telefonkontakt mellom medlemene og fleire uformelle telefonmøte som til ein viss grad har erstatta dei tradisjonelle AU-møta.

Leiaren har vore frikjøpt i alt frå 50 - 75 prosent i arbeidsåret. Ut over dette har ikkje styremedlemene motteke godtgjersle.

## Landsrådet

Landsrådet har hatt to møte i perioden og drøfta 16 saker. Dei viktigaste sakene har vore skulepolitikk, valkampen, organisasjonsbygging, nytt arbeidsprogram, NMU-saka og nynorsk data.

Landsrådet er eit nyttig kontaktorgan mellom dei ulike delane i organisasjonen. Gjennom møta vert det utveksla røynsler og idear. I tillegg har rådet drøfta målpolitiske strategiar og ein del samansette saker som styret har ynskt å lufta. Det verkar som om både styret og fylkesleiarane set pris på møteforma.



*Styret i Noregs Mållag. Frå venstre: Nils Ulvund, Elisabeth Bakke, Karstein Bjørge, Gro Morken Endresen (dagleg leiar), Endre Brunstad (leiar), Astrid Marie Nistad, Gudrun Kløve Juuhl, Sigrun Høgetveit Berg og Anne Steinsvik Nordal.*

## Valnemnda

Valnemnda i arbeidsåret har vore:
Leiar: Marit Fjordheim
Medlemer: Steinulf Tungesvik, Oddny Ueland, Einar Sørli, Eva Marie Mathisen (NMU)
Varamedlemer: 1. Georg Arnestad, 2. Audun Steinnes, 3. Kjell Snerte, Sigbjørn Hjelmbrekke (NMU), Inger Johansen (NMU)

## Skrivarstova

Tilsette i arbeidsåret har vore:
Dagleg leiar: Gro Morken Endresen
Økonomikonsulent: Berit Krogh
Informasjonskonsulent: Hege Lothe
Skulemålsskrivar/vestlandsskrivar: Ingar Arnøy
Organisasjonskons.: Magnus Bernhardsen (80 prosent)
Reiseskrivar: Trond Sæbø Skarpeteig (omsorgspermisjon i 50 prosent frå 23. januar)
Vestlandsskrivar / reiseskrivar: Hans Andreas Starheim (frå 10. november)
Førstesekretær: Else Elise Sætre Bullus (50 prosent)
Datakonsulent: Tarjei Vågstøl (timeengasjement)
Sidemålskampanjen: Sindre Humberset (korttidsengasjement)
Ungdomsskrivar: Unn Catodotter Fyllingsnes (januar-april 2004)



*Dei tilsette i Noregs Mållag i arbeidsperioden: Gro Morken Endresen (dagleg leiar), Berit Krog (økonomi), Hege Lothe (informasjon), Ingar Arnøy (skulemål), Magnus Bernhardsen (organisasjon), Trond Sæbø Skarpeteig (agderskrivar), Hans Andreas Starheim, (Vestland), Else Elise Sætre Bullus (sekretær), Tarjei Vågstøl (data) og Unn Catodotter Fyllingsnes (ungdomsskrivar).*

I arbeidsåret har Noregs Mållag vedteke å flytta stillinga som informasjonskonsulent til Sandane i Sogn og Fjordane. Det er i fyrste omgang ei prøveordning på eitt år, som skal evaluerast av styret.

Styret vedtok vinteren 2003 å få attende skulemålsskrivar i 100 prosent frå 1. september 2003, og dermed tilsetja ny vestlandsskrivar. Av ulike grunnar kom ein ikkje i hamn med tilsetjingsprosessen før seinare på hausten, og den nye vestlandsskrivaren tok til 10. november. Han vikarierer også for Skarpeteig som har omsorgspermisjon i 50 prosent stilling, og har difor «resten av landet» som arbeidsfelt attåt vestlandet.

Styret er klår over at skrivarstova har hatt mykje å stå i med i den spesielle situasjonen det siste året. Dei tilsette har på ein god måte likevel halde fokus på dei målpolitiske oppgåvene som har vore sentrale i dette arbeidsåret. Skrivarstova har fått ein del merksemd i samband med NMU-saka. Styret vedtok på eit tidleg tidspunkt at leiaren skulle vera den som uttalar seg offentleg om dei tilsette.

# Nemnder og utval

Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåret 2003 - 2004. Funksjonsperioden står bak namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore og den som er representant no. Reint mellombelse arbeidsnemnder og halvformell representasjon er ikkje ført opp. Lista har berre med dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av AU, leiar eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret. Styret har følgt regelen om at ingen skal ha eit verv i meir enn åtte år.

## Nemnd for nynorsk barnelitteraturpris
Beate Storm Larsen, 02-05
Trude Hoel, 03-06
Idar Stegane, 03-06

## Nemnd for nynorsk litteraturpris
Atle Christiansen, 04-07

## Fondet for norsk målreising
Hallgrim Berg (leiar), 03-05
Håvard Teigen, 03-05
Toril Nicolaisen, 03-05

## Norsk Språkråd
Oddrun Grønvik, 00-04
vara: Turid Kleiva, 00-04
Johan Myking, 00-04
vara: Tor Erik Jenstad, 00-04

Det skal ikkje nemnast opp nye representantar og vedtektene er endra slik at det sitjande språkrådet har fått forlenga funksjonstida si inntil vidare.

## Rådet for nynorsk kultursentrum
Grete Riise, 01-04
vara: Steinulf Tungesvik, 01-04

## Stiftinga Magasinett
Erna Osland, 01-04
Elling Hetland, 01-04
Steinulf Tungesvik, 01-04

### Rådet for Norsk Barneblad
Johs. Bleie, 97-99, 99-01, 01-03, 03-05
Åse Elin Langeland, 97-99, 99-01, 01-03, 03-05
vara:
1. Gro Morken Endresen, 97-99, 99-01, 01-03, 03-05
2. Inga Lauvdal, 97-99, 99-01, 01-03, 03-05

### Styret for Norsk Barneblad
Eli Bjørhusdal, 03-05
vara: Line Brendberg, 03-05

### Stiftinga Pirion
Rutt Trøite Lorentzen, 03-05

### Målpolitisk råd for Det Norske Teatret
Rutt Trøite Lorentzen, 01-03, 03-05
Ann Elise Winterhus, 99-01, 01-03, 03-05
Hans Olav Brendberg, 98-00, 00-02, 02-04, 04-06
Magni Øvrebotten, 02-04, 04-06
Anne Steinsvik Nordal, 98-00, 00-02, 02-04, 04-06
Vara:
Nils Moldøen, 01-03, 03-05
Paul Ottar Haga, 03-05

### Valnemnd for Målpolitisk råd, DNT
Kristian Ihle Hanto, 01-04
Olav Helge Øwre, 04-07

### Nynorsk pressekontor
Jan Atle Stang, 03-05
vara: Oddbjørg Starrfeldt, 99-01, 01-03, 03-05
Einar Schibevaag, 00-02, 02-04
vara: Sigrun Høgetveit Berg, 00-02, 02-04

### Halldor O. Opedals fond
Mona Stormark, 00-04
vara: Torolv Hesthamar (sa frå seg vervet hausten 03)
Kåre Lilleholt, 04-08
vara: Marie Morken, 04-08

### Sandefjord og Sandar Mållags legat
Håvard Teigen, 99-01, 01-03, 03-05

### Akademifondet i Rauland
Rune Christenson, 99-03, 03-07
vara: Ågot Jordstøyl, 03-07

### Oslo Nye Sparebanks fond
Tor O. Bergum, 97, 98-01, 01-04
vara: Sveinung Helgheim, 97, 98-01, 01-04
Håvard Teigen, 04-07
vara: Berit Rekve, 04-07

### Anne Røflo Longva og Alf Andre Longvas fond
Håvard Teigen, 02-04
vara: Toril Nicolaisen, 02-04

### Vestmannafondet
Sissel Anny Hjelmtveit, 98-

### Regionutvalet, 03-05
Håvard Teigen (leiar)
Elisabeth Bakke
Vidar Høviskeland
Jørgen Amdam
Eva Marie Mathisen (NMU)

### Internasjonalt utval, 03-05
Endre Brunstad (leiar)
Tove Bull
Trond Trosterud
Johannes Nymark
Gudrun Kløve Juuhl (NMU)

## Reiseverksemda

Lista viser dei møta som styremedlemer eller tilsette i Noregs Mållag har delteke på i tidsrommet 21.3.02-22.2.03. Styremøte og mindre møte er ikkje tekne med, heller ikkje interne arbeidsmøte og møte med NMU sentralt. Representantane for Noregs Mållag har halde innleiingar, talar, helsingar eller orienteringar på dei fleste møta som er oppførde. Så godt som alle lokallag og fylkeslag som har bede om det, har fått vitjing.

| Dato | Stad | Tilskiping | Representant |
|---|---|---|---|
| 27.2.2003 | Voss | Årsmøte i Voss Mållag | Brunstad |
| 1.3.2003 | Lillehammer | Allmøte, «Åpen kanal» | Teigen |
| 1.3.2003 | Orkdal | Årsmøte i Trønderlaget | Brunstad |
| 3.–4.3.2003 | Trondheim | Journalistkurs | Lothe |
| 6.3.2003 | Ås | Skipingsmøte Landbruksmållaget | Lothe |
| 7.3.2003 | Tysvær | Årsmøte Karmsund Mållag | Arnøy |
| 7.–9.3.2003 | Orkdal | Landsmøte i Norsk Målungdom | Brunstad, Endresen |
| 11.3.2003 | Gloppen | Lansering av NynorskPluss | Lothe |
| 12.3.2003 | Hovdebygda | Nynorsk i reklame-seminar | Lothe |
| 13.3.2003 | Stavanger | Styremøte Rogaland Mållag | Arnøy |
| 15.3.2003 | Sogndal | Årsmøte Sogn og Fjordane Mållag | Arnøy |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 17.3.2003 | Sandnes | Styremøte Sandnes Mållag | Arnøy |
| 18.3.2003 | Arna | Årsmøte Arna Mållag | Arnøy |
| 18.3.2003 | Skien | Medlemsmøte i Mållaget Dag | Sæbø Skarpeteig |
| 19.3.2003 | Askøy | Årsmøte Askøy Mållag | Arnøy |
| 22.3.2003 | Surnadal | Lagssamling Nordmøre Mållag | Arnøy, Bernhardsen |
| 24.3.2003 | Ås | Arbeidsmøte Landbruksmållaget | Endresen |
| 25.3.2003 | Oslo | Årsmøte i Kringkastingsringen | Lothe |
| 27.3.2003 | Haugesund | Styremøte Karmsund Mållag | Arnøy |
| 28.3.2003 | Oslo | Debattmøte om mediepolitikk | Lothe |
| 24.–25.4.2003 | Hovdebygda | Landsting, LNK (10-årsjubileum) | Brunstad, Endresen |
| 26.4.2003 | Bergen | Lagssamling i Hordaland Mållag | Lothe, Arnøy |
| 6.5.2003 | Bergen | Foreldre til nynorskelevar Krohnengen | Arnøy |
| 7.5.2003 | Sotra | Styremøte Sotra Mållag | Arnøy |
| 15.5.2003 | Åsane | Møte, Åsane Mållag, Åsane Ungdomslag om skulemålsrøysti. | Arnøy |
| 18.5.2003 | Ålesund | Møte med foreldre om røysting på Ellingsøy | Arnøy |
| 21.5.2003 | Bykle | Lagsmøte Bykle Mållag | Sæbø Skarpeteig |
| 22.5.2003 | Bykle | Skulevitjing, Hovden vidaregåande skule, Bykle ungdomsskule | Sæbø Skarpeteig |
| 16.6.2003 | Oslo | Møte med Microsoft om nynorskversjonen | Brunstad, Lothe, Vågstøl |
| 16.6.2003 | Oslo | Møte med Løvebakken Mållag | Brunstad |
| 27.–29.6.2003 | Ørsta / Volda | Dei nynorske festspela | Brunstad, Arnøy |
| 13.8.2003 | Sandane | Styremøte i Gloppen Mållag | Lothe |
| 12.–15.8.2003 | Evje og Hornnes | Førebuing av kampanje | Sæbø Skarpeteig |
| 18.8.2003 | Bergen | Møte om valkampen, Hordaland Mållag | Brunstad |
| 19.8.2003 | Oslo | Haustlansering, opning av hus og 100-års markering av Sigmund Skard på Samlaget | Endresen, Lothe |
| 20.8.2003 | Oslo | Nynorsk forum | Brunstad, Endresen |
| 19.–21.8.2003 | Volda | Verving og studentmållag på Høgskulen | Sæbø Skarpeteig |
| 24.8.2003 | Sandane | Stands på Sandane-dagane | Lothe |
| 25.8.2003 | Oslo | Møte med Dag og Tid-redaktøren | Brunstad |
| 26.8.2003 | Askøy | Møte med Askøy Mållag, skulemålsrøysting | Arnøy |
| 26.8.2003 | Askøy | Møte med Askøy Mållag, skulemålsrøysting | Arnøy |
| 30.–4.9.2003 | Agder | Kampanje i Evje og Hornnes | Sæbø Skarpeteig |
| 1.9.2003 | Drøbak | LUFS, folkemøte om nærmiljøskulen | Endresen |
| 8.9.2003 | Askøy | Folkemøte Askøy, skulemålsrøysting | Arnøy |
| 9.9.2003 | Stavanger | Møte Rogaland Mållag | Arnøy |
| 22.9.2003 | Sandane | Opning av målkontor i Gloppen | Brunstad, Lothe |
| 22.9.2003 | Volda | Sidemålsforsøk, møte med Ivar Aasen-instituttet | Arnøy |
| 22.9.2003 | Volda | Styremøte Sunnmøre Mållag | Arnøy |
| 23.9.2003 | Volda | Føredrag, lærarskulen | Arnøy |
| 24.9.2003 | Namsos | Sidemålsforsøk, møte med Høknes skole | Arnøy |
| 22.–25.9.2003 | Vest-Telemark | Lagsmøte i Nissedal, Fyresdal, Hjartdal og Heddal/Notodden | Sæbø Skarpeteig |
| 25.9.2003 | Trondheim | Skulemålsrøysting, møte med Nidaros ML | Arnøy |
| 26.9.2003 | Oslo | Møte med Kringkastingsr. og Mediemåll. om årleg NRK-møte | Endresen |
| 27.9.2003 | Leksvik | Lagssamling Trønderlaget | Arnøy |
| 27.–28.9.2003 | Oslo | Haustseminar | Styret, tilsette |
| 29.9.2003 | Oslo | Sidemålsforsøk, møte med Høgskulen i Oslo | Arnøy |
| 30.9.2003 | Oslo | Markering av sidemålsforsøk på Holmlia ungdomsskole | Brunstad |
| 30.9.2003 | Naustdal | Skipingsmøte Naustdal Mållag | Arnøy |
| 1.10.2003 | Bergen | Skulemålsrøysting, møte med Bergen Mållag | Arnøy |
| 2.10.2003 | Bryne | Møte med mållaga på Jæren | Arnøy |
| 7.10.2003 | Kristiansand | Møte med Mållaget i Kristiansand | Endresen |
| 8.10.2003 | Oslo | Møte med NRK-leiinga | Endresen |
| 11.10.2003 | Fåvang | Årsmøte i Austmannalaget | Brunstad |
| 14.10.2003 | Oslo | Rådslag Landslaget for udelte og fådelte skular | Brunstad, Arnøy |
| 15.10.2003 | Oslo | Konferanse for frivillig sektor (HSH) | Sæbø Skarpeteig |
| 15.10.2003 | Oslo | Møte Nynorsk Forum og Løvebakken Mållag | Brunstad, Endresen |
| 16.10.2003 | Oslo | Møte for nettredaksjonane i Nynorsk forum | Lothe |
| 18.10.2003 | Kristiansund | Mediekurs for Nordmøre Mållag | Lothe |
| 21.10.2003 | Husnes | Styremøte Husnes Mållag | Arnøy |
| 22.10.2003 | Fredrikstad | 10-årsjubileum Østfold Mållag | Brunstad |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 22.10.2003 | Oslo | Haustlansering av bøker, Samlaget | Lothe |
| 23.10.2003 | Bergen | Lagsmøte Ervingen om leiartrening | Brunstad |
| 24.–26.10.03 | Arna | Målstrid 2003 (konferanse til NMU) | Lothe, Arnøy |
| 27.10.2003 | Oslo | Ekspertkomiteen, Europarådet (læringssenteret) | Brunstad |
| 28.10.2003 | Marnardal | Møte med styret i Marnar Mållag | Sæbø Skarpeteig |
| 29.10.2003 | Kvinesdal | Møte med medlemer i Kvinesdal Mållag | Sæbø Skarpeteig |
| 31.–1.11.2003 | Evjemoen | Haustseminar Agder | Sæbø Skarpeteig |
| 2.–4.11.2003 | Tromsø | Medlemsmøte Tromsø Mållag, målferd | Sæbø Skarpeteig |
| 4.11.2003 | Målselv | Medlemsmøte Målselv Mållag | Sæbø Skarpeteig |
| 5.11.2003 | Målselv | Møte med lærarar på Olsborg skule | Sæbø Skarpeteig |
| 5.11.2003 | Harstad\| | Medlemsmøte Harstad Mållag | Sæbø Skarpeteig |
| 5.–6.11.2003 | Førde | Det frivillige Noreg 2003, konferanse | Lothe? |
| 6.11.2003 | Harstad | Målferd Trondarnes folkehøgskule | Sæbø Skarpeteig |
| 7.11.2003 | Andøy | Oppstartmøte Andøy Mållag, målferd Andenes vgs | Sæbø Skarpeteig |
| 7.11.2003 | Oslo | Møte med Høgskolen i Oslo om norskkurs for lærarstudentar | Arnøy |
| 8.11.2003 | Stavanger | Haustsamling Rogaland Mållag | Arnøy |
| 12.11.2003 | Oslo | Høgskolen i Oslo, føredrag for lærarstudentar | Arnøy |
| 13.11.2003 | Askøy | Medlemsmøte Askøy Mållag | Arnøy |
| 18.11.2003 | Forsand | Fellesmøte lokallaga i Ryfylke | Arnøy |
| 19.11.2003 | Ørsta | Møte om norskopplæring for vaksne innvandrarar | Arnøy |
| 20.11.2003 | Oslo | Møte om norskopplæringa / sidemål i Vikværingen | Arnøy |
| 21.11.2003 | Oslo | Norskkurs Berg vgs | Arnøy |
| 25.11.2003 | Bergen | Møte om offensiv røysting Møhlenpris skole | Brunstad, Arnøy, Starheim |
| 26.11.2003 | Stavanger | Styremøte Rogaland Mållag | Arnøy, Starheim |
| 27.11.2003 | Stord | Styremøte Hordaland Mållag | Arnøy, Starheim |
| 27.11.2003 | Stord | Stord kommune, møte med flyktningekonsulenten om norskopplæringa for vaksne innvandrarar | Arnøy, Starheim |
| 1.12.2003 | Trondheim | Møte med Sør-Trøndelag fylkeskommune om sidemålsundervisninga i vgs. | Arnøy |
| 1.12.2003 | Trondheim | Gerhard Schønings vgs. møte om sidemålsundervisninga | Arnøy |
| 3.12.2003 | Oslo | Møte med bystyregruppa til Ap om sidemålssøknaden | Brunstad, Arnøy |
| 3.12.2003 | Oslo | Møte med DN Teatret og Samlaget om jubileumsmarkeringar | Brunstad |
| 4.12.2003 | Haugesund | Styremøte i Karmsund Mållag | Starheim |
| 6.–7.12.2003 | Drøbak | Strategisamling i Noregs Mållag | Styret, tilsette |
| 11.12.2003 | Kristiansand | AU-møte, Agder | Sæbø Skarpeteig |
| 13.1.2004 | Sandnes | Styremøte Sandnes Mållag (om skulemålsrøysting Soma skule) | Arnøy |
| 15.1.2004 | Stavanger | Styremøte Stavanger Mållag, parallellklassearbeid | Arnøy |
| 15.1.2004 | Stord | Styremøte Hordaland Mållag | Starheim |
| 19.1.2004 | Oslo | Høyring om kulturmeldinga med Kyrkje- og utdannings- og administrasjonskomiteen | Brunstad, Endresen |
| 20.1.2004 | Skei | Styremøte Sogn og Fjordane Mållag | Starheim |
| 21.1.2004 | Sandane | Styremøte Gloppen Mållag | Starheim |
| 21.1.2004 | Sandane | Møte med Gloppen opplæringssenter | Starheim |
| 22.1.2004 | Sandnes | Lurhammaren ungdomsskole, positive sidemålsforsøk | Arnøy |
| 24.1.2004 | Kongsvinger | Sidemålsordskifte | Bernhardsen |
| 26.1.2004 | Bergen | Skulemålsnemnda Hordaland Mållag | Arnøy |
| 27.1.2004 | Åsane | Møte om parallellklassearbeid, Åsane Mållag og målaktivistar | Arnøy |
| 28.1.2004 | Oslo | Nynorsk forum | Brunstad, Endresen |
| 29.1.2004 | Oslo | Internasjonalt utval | Brunstad, Kløve Juuhl |
| 30.1.2004 | Oslo | Stortinget, SV-møte om kulturmeldinga | Brunstad |
| 1.2.2004 | Oslo | Møte med NU-leiar Johan Einar Bjerkem | Brunstad |
| 2.2.2004 | Oslo | Gravferd åt Magne Skodvin | Brunstad |
| 2.2.2004 | Bærum | Årsmøte i Bærum mållag | Brunstad |
| 3.2.2004 | Gvarv | Årsmøte i Nes Mållag | Arnøy |
| 5.2.2004 | Oslo | Årsmøte i Oslo Mållag | Bernhardsen, Arnøy |
| 7.2.2004 | Oslo | Landsstyremøte NMU, innleiing om sidemål | Arnøy |
| 10.2.2004 | Naustdal | Årsmøte i Naustdal Mållag | Lothe |
| 10.2.2004 | Os | Årsmøte i Os Mållag | Starheim |
| 10.2.2004 | Bergen | Årsmøte i Bergen mållag | Brunstad |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 10.2.2004 | Bergen | Årsmøte Bergen Mållag | Starheim |
| 11.2.2004 | Sund | Årsmøte Sotra Mållag | Starheim |
| 12.2.2004 | Fredrikstad | Årsmøte i Fredrikstad Mållag | Arnøy |
| 12.2.2004 | Fredrikstad | Årsmøte i Østfold Mållag | Arnøy |
| 12.2.2004 | Bergen | Møte med Studentmållaget i Bergen | Starheim |
| 12.–13.2.2004 | Fredrikstad | Føredrag Kgl Frederik II vgs | Arnøy |
| 14.2.2004 | Tromsø | Årsmøte i Troms og Finnmark Mållag | Brunstad |
| 14.2.2004 | Kolbotn | Årsmøte i Vikværingen fylkesmållag | Bernhardsen |
| 14.2.2004 | Tromsø | Årsmøte i Troms og Finnmark mållag | Brunstad |
| 14.–15.2.2004 | Nordheimsund | Årsmøte i Hordaland Mållag | Starheim |
| 17.–18.2.2004 | Sotra | Føredrag, kurs for elevar og lærarar under «Nynorsk aksjonsveke» på Ågotnes ungdomsskule | Arnøy |
| 18.2.2004 | Skjold | Årsmøte i Skjold og Vats Mållag | Starheim |
| 18.2.2004 | Skjold | Årsmøte Skjold og Vats Mållag | Starheim |
| 19.2.2004 | Oslo | Møte med Trond Jensrud, Oslo AP, om sidemål | Arnøy, Brunstad |
| 19.2.2004 | Oslo | Møte med Kari Pahle, Oslo SV, om sidemål | Arnøy, Brunstad |
| 22.2.2004 | Alversund | Årsmøte Alversund Mållag/fellesmøte mållaga i Nordhordland | Starheim |
| 23.2.2004 | Mosjøen | Årsmøte i Vefsn Mållag | Arnøy |
| 23.2.2004 | Mosjøen | Føredrag Mosjøen vgs | Arnøy |
| 24.2.2004 | Mosjøen | Føredrag Mosjøen vgs | Arnøy |
| 24.2.2004 | Lista | Årsmøte i Lista Mållag | |
| 25.2.2004 | Bodø | Møte med norskseksjonen, lærarutdanninga Høgskolen i Bodø | Arnøy |
| 25.2.2004 | Gloppen | Årsmøte i Gloppen Mållag | Lothe |
| 25.–27.2.2004 | Agder | Reiserunde Agder | Sæbø Skarpeteig |
| 26.2.2004 | Bodø | Årsmøte i Bodø Målungdom | Arnøy |
| 28.2.2004 | Ulstein | Årsmøte i Sunnmøre Mållag | Nordal |
| 28.2.2004 | Julsundet | Årsmøte i Romsdal Mållag | Arnøy |
| 28.2.2004 | Sunndalsøra | Årsmøte Nordmøre Mållag | Starheim, Arnøy |
| 29.2.2004 | Bokn | Årsmøte i Karmsund Mållag | Starheim |
| 1.3.2004 | Oslo | Møte med Oslo AUF om sidemål | Arnøy, Brunstad |
| 2.3.2004 | Oslo | Møte med Ellen Horn, Oslo AP, om sidemål | Arnøy, Brunstad |
| 2.3.2004 | Oslo | Møte med Løvebakken mållag om kulturmeldinga | Brunstad |
| 2.3.2004 | Oslo | Overrekking av sidemålsopprop til byrådet | Brunstad, Lothe, Bernhardsen |
| 7.3.2004 | Oslo | Årsmøte i Mediemållaget | Lothe |
| 8.3.2004 | Geilo | Hol Mållag om skulemålsrøystingar Dagali og Skurdalen | Arnøy |
| 10.3.2004 | Jølster | Årsmøte Jølster Mållag | Starheim, Lothe |
| 10.–11.3.2004 | Bodø | Norskkurs lærarutdanninga Høgskolen i Bodø | Arnøy |
| 8.–11.3.2004 | Sogndal, Årdal, Balestr., Førde | Ymse møte med mållag og andre for å auke aktivitet og verving | Starheim |
| 12.3.2004 | Oslo | Norskkurs Oslo Katedralskole | Arnøy |
| 13.3.2004 | Bø | Årsmøte i Telemark Mållag | Arnøy |
| 13.3.2004 | Kristiansand | Årsmøte i Vest- og Aust-Agder Mållag | Sæbø Skarpeteig |
| 13.3.2004 | Inderøy | Årsmøte i Trønderlaget | |
| 13.–14.3.2004 | Strand | Årsmøte i Rogaland Mållag | Brunstad, Starheim |
| 13.–14.3.2004 | Tau | Årsmøte Rogaland Mållag | Starheim |
| 15.3.2004 | Oslo | Møte med utdanningskomiteen i Oslo om sidemål | Arnøy, Brunstad |
| 15.3.2004 | Grindheim | Årsmøte Grindheim Mållag | Sæbø Skarpeteig |
| 16.3.2004 | Volda | Sidemålsseminar Høgskulen i Volda | Brunstad, Arnøy |
| 16.3.2004 | Kristiansand | Styremøte Kristiansand Mållag | Sæbø Skarpeteig |
| 17.3.2004 | Tingvatn | Årsmøte Tingvatn Mållag | Sæbø Skarpeteig |
| 15.–19.3.2004 | Eid og Vågsøy | Ymse møte for å starta oppatt lokallag | Starheim |
| 20.3.2004 | Førde | Årsmøte i Sogn og Fjordane Mållag | Nistad, Starheim, Lothe |
| 20.3.2004 | Sulavågen | Årsmøte i Sunmøre Mållag | Arnøy |
| 19.–21.3.2004 | Dale | Landsmøte i Norsk Målungdom | Nistad |

# Økonomi

| *Tal i 1000* | REK 00 | REK 01 | REK 02 | LM-vedtak BUD 03 | Styre-vedtak BUD 03 | REK 03 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **INNTEKTER** | | | | | | |
| Sal av materiell | 60 | 74 | 107 | 65 | 90 | 96 |
| Lysingar og istikk | 119 | 132 | 69 | 110 | 105 | 80 |
| Tingingsinntekter | 40 | 13 | 7 | 50 | 105 | 62 |
| Pirion | 16 | | | | | |
| Kulturlotteri | 350 | 292 | 288 | 250 | 280 | 333 |
| Medlemspengar | 1 951 | 1 930 | 2 097 | 2 487 | 2 083 | 2 040 |
| Medlp. organisasjonssatsinga | | | 277 | | 377 | 326 |
| Studiearbeid | 15 | 14 | 6 | 13 | 6 | 6 |
| Møte-/seminarinntekter | 211 | 303 | 136 | 200 | 170 | 114 |
| Målgåver | 688 | 752 | 765 | 625 | 670 | 663 |
| Statstilskot | 1 321 | 1 361 | 1 402 | 1 440 | 1 457 | 1 457 |
| Løyvingar og gåver | 415 | 491 | 385 | 930 | 440 | 379 |
| Agdersatsinga | | | | | 260 | 200 |
| Lagsbruksavgift | 51 | 49 | 54 | 50 | 50 | 32 |
| Leigeinntekter | 240 | 293 | 270 | 315 | 300 | 286 |
| Uttak av varer | | | | | | 18 |
| Ymse | 29 | 32 | 239 | 20 | 130 | 70 |
| **Sum inntekter** | **5 506** | **5 736** | **6 102** | **6 555** | **6 523** | **6 162** |
| | | | | | | |
| **KOSTNADER** | | | | | | |
| Materiell for sal | 28 | 60 | 104 | 60 | 70 | 74 |
| Trykkjekostnader | 333 | 323 | 268 | 380 | 340 | 287 |
| Kulturlotteri | 67 | 53 | 56 | 75 | 75 | 68 |
| Refusjon medlemspengar | 448 | 470 | 500 | 450 | 500 | 464 |
| Løn og honorar | 2 182 | 2 084 | 2 377 | 2 920 | 2 735 | 2 590 |
| Husleige, straum | 580 | 617 | 620 | 635 | 670 | 679 |
| Telefon (og porto) | 137 | 91 | 94 | 85 | 100 | 121 |
| Porto | 458 | 532 | 475 | 500 | 530 | 447 |
| Argus | 123 | 69 | 60 | 70 | 65 | 58 |
| Drifts- og kontorutgifter | 438 | 310 | 338 | 403 | 360 | 328 |
| Landsmøte/reise | 652 | 124 | 110 | 130 | 120 | 126 |
| Styre/landsr.møte | | 105 | 181 | 190 | 190 | 195 |
| Seminar/konferansar | | 226 | | 110 | 240 | 234 |
| Andre møte/reiser | | 261 | 323 | 310 | 370 | 379 |
| Løyvingar og gåver | 36 | 38 | 31 | 50 | 50 | 34 |
| Løyving til NMU | | | 15 | 25 | 35 | 35 |
| Avskrivingar, tap på krav | 125 | 114 | 52 | 40 | 33 | 33 |
| **Sum kostnader** | **5 607** | **5 477** | **5 604** | **6 433** | **6 483** | **6 152** |
| | | | | | | |
| **Resultat før finanspostar** | **-101** | **259** | **498** | **122** | **40** | **10** |
| | | | | | | |
| FINANS- OG EKSTRAORDINÆRE POSTAR | | | | | | |
| Utbyte | 39 | 58 | 1 | | | 44 |
| Finansinntekter | 98 | 99 | 107 | 130 | 160 | 70 |
| Finansutgifter | -69 | -43 | -46 | -50 | -50 | -29 |
| Sum finanspostar | 68 | 114 | 62 | 80 | 110 | 85 |
| Ekstraordinære inntekter | 3 | | 40 | | | 13 |
| | | | | | | |
| **RESULTAT** | **-30** | **373** | **600** | **202** | **150** | **108** |

## Økonomiarbeidet

Dei viktigaste inntektene for målrørsla både lokalt og sentralt er i dag knytte til årspengar, gåver og sal av ymse artiklar, alt saman inntekter som i hovudsak kjem frå medlemene. Noregs Mållag er ein svært godt stilt organisasjon som har engasjerte, gåvmilde medlemer, som er vane med å bera kostnadene ved organisasjonsarbeidet av eiga lommebok. Trass i dette, må me berre innsjå at den interne pengesekken er avgrensa, og at gjevargleda internt truleg har ført til mindre kreativitet rundt eksterne midlar.

Det største potensialet for å tilføra heile organisasjonen meir pengar og dermed ein betre økonomi, ligg i dag gjennom målretta og grundig arbeid mot andre pengesekkar enn våre eigne. Dette gjeld både sentrallekken og lokal- og fylkeslaga. Om alle nivå i organisasjonen kunne greia å opparbeida ein nokså god økonomi, vart det òg mykje meir målarbeid å få gjort. Og omvendt: den dårlege økonomien ein del stader ute i organisasjonen, vitnar gjerne om låg aktivitet.

Økonomi er eit arbeidsfelt som heile organisasjonen er nøydd til å ta meir alvorleg i tida frametter, særleg ettersom pengar vert viktige til dømes for å lukkast med den organisatoriske opprustinga.

## Kommentarar til rekneskapen

Rekneskapen for 2003 viser eit overskot på kr 108 000. Det var budsjettert med eit overskot på kr 202 000 som styret i seinare revisjonsvedtak reduserte til kr 150 000. Driftsrekneskapen kom ut med eit overskot på kr 10 000, men finansinntektene, renter frå bankinnskot og renteinntekter frå Fondet for norsk målreising gjer at overskotet vart på kr 108 000. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på 1 035 000. Det må då presiserast at Skrivarloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) er bokført med kjøpesummen i 1992 medan marknadsverdien truleg er om lag fire gonger så høg.

Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte. Statsstøtta er stabil og svakt stigande. Årspengane er i år noko lågare grunna nedgang i medlemstalet. Noregs Mållag har fått eit positivt signal frå medlemene sine sidan det er registrert få utmeldingar med bakgrunn i medlemspengeauken. For 2003 har det vore vesentleg oppgang i loddsalet og gjevargleda har òg vore stor.

Dei største sprekkane i høve til budsjett kom i 2003 på postane løyvingar og møte/seminarinntekter. Å finna andre inntekter som kan betra økonomien er framleis eit mål.

I 2003 har det òg vore brukt mykje tid på å halda kontroll med budsjettet. Styret har prioritert denne oppgåva høgt, og ikkje minst AU har handsama økonomien på mange møte i 2003.

### Materiell/varer for vidaresal

Posten gjeld sal av tilfang. Den største inntektskjelda i 2003 var profileringsmateriell.

Noregs Mållag hadde eit stort innkjøp av ymse materiell og noko vart særs populært. Elles har boksalet vore relativt bra.

### Lysingar og istikk

Norsk Tidend kom ut med fem nummer i 2003. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Ein føresetnad for budsjettmålet var ein avtale om annonsesamarbeid med Dag og Tid, som diverre ikkje let seg gjennomføra.

### Tingingsinntekter

Tingingsinntektene gjekk opp i 2003. Dette er nok normalen for tingingsinntekter, dersom ein ikkje går aktivt inn for å auke tingartalet i åra framover.

### Lotteriet

Lotteriet er tufta på frivillig sal ute i laga og direktesal frå skrivarstova. I 2003 selde laga 6097 lodd, og medlemene kjøpte 13.300 lodd direkte frå skrivarstova. Det blei selt 19.397 lodd av 20.000. Dette salet var høgare enn forventa. Lotteriet blei avslutta 31.12.02.

### Årspengar

Talet på medlemer gjekk ned i 2003. Derfor blei inntektene noko lågare enn i 2002 på denne posten.

### Organisasjonssatsinga

Summen her er teken frå årspengane. Det er talet på medlemer og familiemedlemer som er basis for summen. Vedtaket på landsmøtet i 2001 var at kr 40,- frå medlemene og kr 20,- frå familiemedlemene skulle gå til organisasjonssatsinga.

### Møte-/seminarinntekter

Denne posten inneheld landsmøteavgift og seminaravgift.

### Målgåver

Medlemene har også i 2003 gjeve gode gåver til arbeidet i rørsla.

### Lagsbruksavgift

Kaffistovene, hotella og dei andre verksemdene til lokallaga betaler ein fast del av innkomene sine i lagsbruksavgift til Noregs Mållag.

### Leigeinntekter

Leigeinntekter frå utleige av skrivarloftet (i Schweigaardsgt 52) og utleige av kontor til Atlantis og Kringkastingsringen.

### Uttak av vare

Profileringsmateriell og bøker som er brukte til gåver til innleiarar og andre.

### Ymse inntekter

Posten inneheld inntektsføring av avsetning til lotterivinstar 2003, inntektsføring av premiefond til betaling av pensjonsforsikring, refusjon for Agder-satsinga og ymse inntekter.

### Løyvingar/gåver

***Gåver/tilskot over kr 2 000 frå private:***

| | |
|---|---|
| Anne og Alf Longvas fond | 10 000 |

| | |
|---|---|
| Overført til 2003 | 12 353 |
| Akademifondet | |
| Oslo Nye Sparebanks Fond | 29 000 |
| Oslo Nye Sparebank Fond – overført til 2004 | -6 848 |
| Halldor O. Opedals fond | 20 000 |
| Sparebanken Hardanger | 1 000 |
| BUL i Oslo | 10 000 |
| BUL i Bergen | 2 500 |
| Naumdøla Mållag | 2 500 |
| Troms- og Finnmark Mållag | 3 000 |
| Nordmøre Mållag | 2 500 |
| Telemark Mållag | 20 000 |
| Sotra Mållag | 3 000 |
| Hordaland Mållag | 10 000 |
| Sogn og Fjordane Mållag | |
| Rogaland Mållag | 15 000 |
| Sveio Mållag | 3 000 |
| Radøy Mållag | 5 000 |
| Oslo Mållag | 6 000 |
| Overført til 2003 – Vestlandssatsinga | |
| Overført til 2003 – Heile landet | |
| **Sum, gåver/tilskot frå private** | **148 005** |

| | |
|---|---|
| Offentlege tilskot: | |
| Kyrkje-, utdannings- og forskingsdep. | 190 000 |
| Norsk Kulturråd | 40 000 |
| **Sum, offentlege tilskot** | **230 000** |

## Løn og administrasjon
Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, revisjonshonorar, honorar til innleiarar på kurs og honorar til skribentar i Norsk Tidend. Honorar til prosjektretta arbeid er òg ført her. Kostnadsføring av pensjonspremie (brukt av premiefond). Refusjon av sjukepengar er ført her. Eit detaljert oversyn over stillingar og tilsette står ovanfor under Skrivarstova. Dagleg leiar er plassert i lønssteg 47 i statsregulativet.

## Husleige og straum
Posten inneheld husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kostnader til husværet i Schweigaardsg. 52 er òg førte her. Husleigeposten er bruttoført. Det vil seie at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

## Telefon
Telefon- og internettkostnadene for 2003 er høgare enn budsjettert fordi NMU har delt kontor med Mållaget i perioden.

## Porto
Posten inneheld utsending av 5 nr av Norsk Tidend, portokostnader i samband med loddsal og porto for all post som Noregs Mållag sender ut.

## Refusjon av medlemspengar
Etter landsmøtevedtak i 2002, er det no utbetaling av refusjon medlemspengar ein gong i året. Refusjonen skal utbetalast i februar året etter avslutning av medlemsrekneskapen. Refusjon medlemspengar for 2003 er utrekna til totalt 463 771 kr.

## Driftsutgifter
Ein av dei største underpostane er leige av kopimaskin med driftsavtale. Maskinen fungerer òg som felles skrivar for datamaskinane. Noregs Mållag skriv ut målgåvegiroane og ein del anna materiell på denne maskinen. IT-kostnader, mellom anna kostnader til heimesida, er òg førte under denne posten. Ein annan stor utgiftspost er rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvoluttar og anna driftsmateriell. Vedlikehald av Skrivarloftet kjem under denne posten.

## Møte-/reiseutgifter
Desse postane inneheld møte- og reiseutgifter i samband med landsmøte, landsrådsmøte, styremøte og andre møte og reiser. I 2003 blei det både vinterseminar, haustseminar og strategisamling. Organisasjonssatsinga starta i 2002, men 2003 har vore det fyrste heile året for satsinga.

## Gåver og tilskot frå Noregs Mållag

| | |
|---|---|
| Nynorsk litteraturpris | 15 000 |
| Nynorsk barnebokpris | 15 000 |
| Norsk Målungdom | 35 000 |
| Landbruksmållaget | 1 000 |
| Meland Mållag | 3 000 |
| **Sum, gåver og tilskot** | **69 000** |

## Avskrivingar/tap på krav
Nokre av investeringane på ombygging av kontora er aktiverte i 2000. Datautstyr og ombygging er avskrive med kr 33 243. Ombygginga blir avskriven over 5 år, den same perioden som Noregs Mållag har avtale om leigeinntekter for. Det er såleis 1 år att av avskrivingsperioden.

## Finanspostar
Finansposten inneheld renteinntekter frå ymse bankkonti. Renteutgiftene inneheld renter på lån og gebyr.

## Ekstraordinære inntekter
Posten inneheld attendebetaling av utlagt moms på porto i perioden 1. juli 2002 til 31. desember 2002. Etter dei nye momsreglane vart det lagt moms på porto og dette gav organisasjonane store ekstrautgifter. Etter søknad får ein så attendebetaling av ekstrakostnadene.

# Balanse

| | Notar | 2002 | 2003 |
|---|---|---|---|
| **ANLEGGSMIDLAR** | | | |
| Husvære | 1 | 326 070 | 326 070 |
| Inventar | 2 | 66 486 | 33 243 |
| **Sum varige driftsmidlar** | | 392 556 | 359 313 |
| | | | |
| Partar i fondet for norsk målreising | | 533 000 | 533 000 |
| **Sum finansielle anleggsmidlar** | | 533 000 | 533 000 |
| **Sum anleggsmidlar** | | 925 556 | 892 313 |
| | | | |
| **OMLAUPSMIDLAR** | | | |
| Varer | 3 | 83 717 | 103 405 |
| | | | |
| Kundefordringar | | 67 750 | 101 706 |
| Opptente inntekter | 4 | 197 324 | 510 364 |
| Mellomrekning Fondet | | 897 | 39 128 |
| **Sum kortsiktige fordringar** | | 265 971 | 754 603 |
| | | | |
| Luter | 5 | 226 200 | 226 200 |
| | | | |
| Depositum husleige | 6 | 198 050 | 198 050 |
| Bankinnskot | 7 | 993 825 | 711 314 |
| **Sum bankinnskot** | | 1 191 875 | 909 364 |
| Sum omlaupsmidlar | | 1 767 763 | 1 890 167 |
| | | | |
| EIGE | | 2 693 319 | 2 782 480 |
| | | | |
| EIGENKAPITAL | | | |
| Eigenkapital | | -326 553 | -927 039 |
| Resultat i perioden | | -600 486 | -107 700 |
| **Sum opptent eigenkapital** | | -927 039 | -1 034 739 |
| | | | |
| SKULD | | | |
| Gjeldsbrevlån | 8 | -205 818 | -142 482 |
| Husfond | 9 | -348 050 | -348 050 |
| **Sum langsiktig skuld** | | -553 868 | -490 532 |
| | | | |
| Leverandørgjeld | | -91 707 | -122 615 |
| Skuldige medlemspengar | | -461 020 | -463 216 |
| Medlemspengar neste år | | -20 740 | -5 450 |
| Skuldige off. avgifter/ feriepengar | | -352 702 | -386 083 |
| Anna kortsiktig skuld | 10 | -286 243 | -279 845 |
| **Sum kortsiktig skuld** | | -1 212 412 | -1 257 209 |
| | | | |
| **Sum skuld** | | -1 766 280 | -1 747 741 |
| | | | |
| EIGENKAPITAL OG SKULD | | -2 693 319 | -2 782 480 |

## Notar

1) Husvære i Schweigaards gate 52, Oslo
Oppført verdi kr 326.070. Innkjøpt for kr 326.070 i 1992. Noregs Mållag hadde takst på husværet i Schweigaardsgt. i februar 1999. Marknadsverdien vart sett til kr 750 000 og låneverdi kr 650 000.

2) Inventar:

| | |
|---|---|
| Opphavleg verdi | 867 317 |
| Tilgang 1999 | 119 961 |
| Tilgang 2000 | 183 417 |
| Avskrive | -1 137 452 |
| Verdi pr. 31.12.03 | 33 243 |
| Avskriving i år | 33 242 |

3) Noregs Mållags lager av profileringsmateriell og bøker oppført til innkjøpsverdi.

4) Opptente inntekter inneheld uteståande krav, mellom anna løyvingar til organisasjonssatsinga som gjeld 2003, men blir innbetalt i 2004.

5) Noregs Mållag har luter i:

| | | Kostpris | Bokf.v. | Likn.v. |
|---|---|---|---|---|
| Det Norske Teatret | 23 stk | 11 200 | - | 0 |
| Orkla A-aksjar | 276 stk | | 16 200 | 41 262 |
| Dag og Tid | 250 stk | 10 000 | 10 000 | 6 550 |
| Bondeheimen AS | 15 stk | 75 000 | 75 000 | 36 158 |
| Dag Bondheim AS | 75 stk | 75 000 | 75 000 | 0 |
| Norsk Plan-Nynett | 5 stk | | 50 000 | 30 230 |
| **Sum** | | | 226 200 | 114 200 |

Den verkelege verdien av lutane er usikker.

6) Depositumskonto for husleige Kirkegt. 32, kr 198 050.

7) Av bankinnskot er kr 83 396,- bundne til skattetrekk.

8) Gjeldsbrevlån - Hardanger Sparebank

| | |
|---|---|
| Opphavleg lån frå 1995 til datautstyr | 500 000 |
| Overf. frå Gjensidige i 1997 (Scweigaards gt) | 105 000 |
| Rest pr. 31.12.2003 | 142 482 |

Banken har pant i Scweigaardsgt. 52 for dette lånet.

9) Husfondet består av:

| | |
|---|---|
| Depositum husleige | 198 050 |
| Luter i Dag Bondeheim AS, Skien og Bondeheimen AS, Flekkefjord | 150 000 |
| **Sum husfondet** | 348 050 |

10) Kortsiktig skuld inneheld avsetjing til lotterivinstar og revisjonskostnader 2003. Det er òg overført midlar til organisasjonssatsinga i 2004 som ikkje vart nytta i 2003.

# Fondet for norsk målreising

## Resultatrekneskap

| | 2003 | 2002 |
|---|---|---|
| **INNTEKTER** | | |
| Bankrenter | 6 013 | 11 620 |
| Renter på obligasjonar | 6 768 | 7 563 |
| Urealisert verdiauke fond | 190 854 | -151 587 |
| **Sum inntekter** | 203 635 | -132 404 |
| | | |
| **KOSTNADER** | | |
| Driftskostnader | 75 | 15 |
| Utbetalt andel NM | 43 306 | 11 620 |
| **Sum kostnader** | 43 381 | 11 635 |
| | | |
| **Overskot/underskot** | 160 254 | -144 039 |
| Disponert til fri eigenkapital | 160 254 | -295 626 |
| Disponert til verdinedgang | | 151 587 |

## Balanserekneskap

| | 2003 | 2002 |
|---|---|---|
| **EIGEDELAR / Omlaupsmidlar** | | |
| **Krav** | | |
| Opptente renter | 6 491,00 | 6 735,00 |
| **Sum krav** | 6 491,00 | 6 735,00 |
| | | |
| *Norske Stat* | | |
| 1986/2003 | - | 4 000 |
| 1996/2007 | 100 000 | 100 000 |
| *Pengemarknadsfond* | | |
| Firstnordic Norsk Likviditet I | 148 582 | 141 539 |
| *Kombinasjonsfond* | | |
| Firstnordic Universal | 122 264 | 89 433 |
| *Aksjefond* | | |
| Firstnordic Norge II | 99 537 | 67 129 |
| Firstnordic Norge II | 169 880 | 114 568 |
| *Internasjonale fond* | | |
| Fidelity European Growth Fund | 221 518 | 158 257 |
| **Sum investeringar** | 861 781 | 674 926 |
| | | |
| **Bankinnskot** | 154 409 | 184 534 |
| | | |
| **Sum eigedelar** | 1 022 681 | 866 195 |
| | | |
| **EIGENKAPITAL OG SKULD** | | |
| **Opptent eigenkapital** | | |
| Verdiendring fond mot innkj.pris | 156 532 | -34 322 |
| Fondsmidel 01.01 | 948 442 | 896 901 |
| Utbetalte partar | -42 000 | -4 000 |
| Tilført frå årsresultat | -78 593 | 7 548 |
| **Sum eigenkapital** | 984 381 | 866 127 |
| | | |
| **Skuld** | | |
| Avsett for skuld/ NM | 38 300 | 68 |
| **Sum kortsiktig skuld** | 38 300 | 68 |
| | | |
| **Sum eigenkapital og skuld** | 1 022 681 | 866 195 |

## Årsmelding

Fondet for norsk målreising er skipa for å sikra den økonomiske innkoma til Noregs Mållag. Etter vedtektene (sist endra i 2001) skal fondsmidelen plasserast på høgste rente i bank eller på annan sikker og renteberande måte eller i aksjefond med god risikospreiing. Målet er at Noregs Mållag kvart år skal få overført ein pengesum tilsvarande om lag renta i pengemarknaden, rekna av verdien av fondet ved inngangen av året. Pengane kan brukast i den daglege drifta av samskipnaden. Fondet kan elles berre brukast til garanti for Noregs Mållag. Innskytarane kan teikna partar à kroner 1000 og må binda innsatsen sin i minst fem år.

Fondsstyret vedtok i 2001 desse retningslinjene for plassering av midlane i fondet: Om lag 40 % skal plasserast i bankinnskot, obligasjonar og pengemarknadsfond. Resten skal plasserast i norske og utanlandske aksjefond. Det skal ikkje plasserast midlar i enkeltaksjar eller i bransjefond.

Fondsstyret har vedteke følgjande for utdeling av avkasting frå fondet til Noregs Mållag for 2003: Noregs Mållag får ei avkasting på 5 prosent av fondsverdien. Avkastinga vert rekna av verdien ved inngangen av 2003, og utbetalinga til Noregs Mållag vert då 43.306 kroner.

Fondet vert leia av eit styre på tre personar, alle oppnemnde av styret i Noregs Mållag for to år om gongen. I meldingsåret har desse site i fondsstyret: Hallgrim Berg (leiar), Håvard Teigen og Toril Nicolaisen. Dagleg leiar i Noregs Mållag er skrivar for fondsstyret.

Styret har hatt eitt møte i meldingsåret. Styret har no starta eit arbeid for å gå gjennom plasseringane til fondet med tanke på å kombinera god avkasting med lågast mogleg risiko.

Det er ikkje teikna nye partar i fondet i 2003. Det vart utbetalt 22 000 i meldingsåret i partar som var sagde opp. Det er sagt opp partar i 2003 for kr 7 000, som skal utbetalast i 2004. Det er eitt års oppseiingstid på partane.

Ved utgangen av året, etter utdeling av avkasting til Noregs Mållag, hadde fondsmidelen ein verdi på 984 381 kroner mot 866 127 kroner ved utgangen av 2002. Fondet har 225 innskytarar og Noregs Mållag har 533 av i alt 946 partar à 1000 kroner.

# Inga og Gjøa Lutros legat

## Rekneskap

| | |
|---|---|
| Renter 2003 | 20 850 |
| Overført til Noregs Mållag | 20 850 |

## Balanse

| | |
|---|---|
| **Aktiva** | |
| Bankinnskot | 602 678 |
| | |
| **Passiva** | |
| Legat | 602 678 |

# Kulturlotteriet 2003

## Rekneskap

| | |
|---|---|
| **Inntekter** | |
| Loddsal | 332 757 |
| **Sum inntekter** | 332 757 |
| | |
| **Kostnader** | |
| Vinstar | 67 817 |
| Trykking | 26 810 |
| Porto | 19 670 |
| Administrasjon | 30 000 |
| Gebyr | 3 857 |
| **Sum utgifter** | 148 154 |
| | |
| **Overskot** | 184 603 |

### Tilfang

Noregs Mållag har satsa meir på produksjon av profileringstilfang enn tidlegare. Dette er eit lite utval av tilfang som er til sals.













VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
*Den norske Revisorforening*

Øyvind Løvstad
*Statsautorisert revisor*
Per-Arne Auster
*Statsautorisert revisor*

Til årsmøtet i
**Noregs Mållag**

## REVISORMELDING FOR 2003

Vi har revidert årsrekneskapen for **Noregs Mållag** for rekneskapsåret 2003 som syner eit årsoverskot på kr 107.700. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram . Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap og balanse. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret . Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltningen av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for Noregs Mållag si økonomiske stilling 31. desember 2003 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk.
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapsskikk.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Oslo den 16. mars 2004
**VARDENS REVISJONSKONTOR AS**

Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor

**Postadresse:** Postboks 806 Sentrum, 0104 Oslo
**Besøksadresse:** Skippergt. 33, www.vardens. no
**Telefon:** 24 14 12 00 **Telefax:** 22 42 67 72 **Bankgiro:** 8200 01 64840
**Foretaksregisteret NO 930 462 551 MVA**
e-post: vardens.revisjonskontor@vardens.no

VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
*Den norske Revisorforening*

Øyvind Løvstad
*Statsautorisert revisor*
Per-Arne Auster
*Statsautorisert revisor*

Til
Noregs Mållag
Oslo Politikammer

## REVISJONSMELDING LOTTERIREKNESKAP 2003

Vi har kontrollert loddlotterirekneskapen for Kulturlotteriet 2003 for Noregs Mållag. Rekneskapen, som kun er samansett av resultatrekneskap, viser et overskot på kr. 184.603

Rekneskapen omfatter lodder solgt frem til utløpsdato 31. desember 2003.

Vi har kontrollert at det foreligger dokumentasjon for samtlege kostnader, inklusive utbetalte gevinster, og at inntektene stemmer overens med antall solgte lodder. Avviket mellom bokført inntekt og maksimalt tillatt antall solgte antall lodder er verifisert.

Lotterirekneskapen følger de lover og regler som regulerer avviklinga av lotteriet.

Oslo, den 11. mars 2004
**VARDENS REVISJONSKONTOR AS**
Per Arne Auster
Per-Arne Auster
statsautorisert revisor

Postadresse: Postboks 806 Sentrum, 0104 Oslo
Besøksadresse: Skippergt. 33, www.vardens. no
Telefon: 24 14 12 00 Telefax: 22 42 67 72 Bankgiro: 8200 01 64840
Foretaksregisteret NO 930 462 551 MVA
e-post: vardens.revisjonskontor@vardens.no

VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
*Den norske Revisorforening*

Øyvind Løvstad
*Statsautorisert revisor*
Per-Arne Auster
*Statsautorisert revisor*

Til årsmøtet i
**Inga og Gjøa Lutros Legat**

## REVISORMELDING FOR 2003

Vi har revidert årsrekneskapen for **Inga og Gjøa Lutros Legat** for rekneskapsåret 2003 som syner eit resultat på kr 0 etter at renter kr. 20.850 er overført til Norges Mållag. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap og balanse. Årsrekneskapen er lagt fram av styret . Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjoen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltningen av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at
- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for stiftinga si økonomiske stilling 31. desember 2003 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk.
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapsskikk.

Oslo den 11. mars 2004
**VARDENS REVISJONSKONTOR AS**

Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor

Postadresse:
Postboks 806 Sentrum
0104 Oslo

Besøksadresse:
Skippergt. 33
www.vardens. no

Telefon: 24 14 12 00
Telefax: 22 42 67 72
Bankgiro: 8200 01 64840

Foretaksregisteret NO 930 462 551 MVA
e-post: vardens.revisjonskontor@vardens.no

VARDENS REVISJONSKONTOR

Vardens Revisjonskontor as
Statsautorisert Revisor

Medlemmer av
*Den norske Revisorforening*

Øyvind Løvstad
*Statsautorisert revisor*
Per-Arne Auster
*Statsautorisert revisor*

Til årsmøtet i
**Fondet for Norsk Målreisning**

## REVISORMELDING FOR 2003

Vi har revidert årsrekneskapen for **Fondet for Norsk Målreisning** for rekneskapsåret 2003 som syner eit årsoverskot på kr 160.254. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap og balanse. Årsrekneskapen er lagt fram av styret . Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjoen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltningen av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i selskapet. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at
- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for Fondet for Norsk Målreisning si økonomiske stilling 31. desember 2003 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapsskikk.
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapsskikk.

Oslo den 19. mars 2004
**VARDENS REVISJONSKONTOR AS**

Per-Arne Auster
Statsautorisert revisor

Postadresse:
Postboks 806 Sentrum
0104 Oslo

Besøksadresse:
Skippergt. 33
www.vardens. no

Telefon: 24 14 12 00
Telefax: 22 42 67 72
Bankgiro: 8200 01 64840

Foretaksregisteret NO 930 462 551 MVA
e-post: vardens.revisjonskontor@vardens.no

# Norsk Målungdom

Norsk Målungdom arbeider både for å få fleire til å bruka nynorsk og for å tryggja rettane til dei som alt bruker språket. Dei største satsingane i arbeidsperioden har vore verving av nye medlemer, skiping av lokallag, sidemålsarbeid og kampanjen for å få nynorsken inn i Dagbladet. Elles har arbeidsåret vore prega av sidemålsstrid og at Norsk Målungdom har vore i rettssak.

## Dagbladkampanjen

I arbeidsåret har NMU hatt ein kampanje retta mot Dagbladet. Dagbladet vart valt fordi dei ynskjer å vera ei radikal kulturavis, og i ei kulturavis kan nynorskforbodet vanskeleg forsvarast. Det er brukt mykje tid i organisasjonen på skulering om nynorsk i media. Kampanjedagen vart avisstativ med Dagbladet bytt ut med ei sjølvlaga avisframside med hovudoppslaget «Dagbladet slepp til nynorsken». Krava frå målungdomen vart så overleverte til Dagbladet i ein punktaksjon utanfor redaksjonslokala deira i Akersgata.

## Til kamp for obligatorisk sidemål

Før valkampen fekk NMU med seg alle dei partipolitiske ungdomsorganisasjonane, unnateke Fremskrittspartiets Ungdom og Unge Høgre, på eit felles flygeblad til forsvar for obligatorisk skriftleg sidemål. Arbeidet med å få brei semje om flygebladet var svært viktig, fordi det la føringar for kva partia skulle seia mellom anna i skulevalkampen, der sidemålet ofte tidlegare har vore selt unna for å vinna unge veljarar.

## Organisasjonen

Norsk Målungdom har også dette arbeidsåret vore prega av saka om medlemsfusk. NMU og 6 tidlegare tillitsvalde og tilsette møtte i rettssak fyrste veka i desember for dom i saka. Einskildpersonane fekk fengselsstraff og NMU vart dømt til å betala attende 2,88 millionar kroner til staten. Dei økonomiske rammevilkåra i 2003 gjorde det vanskeleg å arbeida like effektivt som organisasjonen helst skulle gjort. Det har vore lagt ned mykje arbeid i å få finanisert aktivitetane, og ingen i sentralleiinga har vore løna for å driva organisasjonen. Målungdomen har framleis kontorlokale hjå Noregs Mållag og får ein del støtte til å dekkja andre administrative kostnader.

Trass i vanskelege rammevilkår gjekk medlemstalet opp frå 2002 til 2003 med nær 150 medlemer. I perioden vart det òg skipa 7 nye lokallag. Utviklinga er gledeleg og det kan sjå ut til at ungdomar som tidlegare har site på gjerdet, på dramatisk vis gjennom medlemsfusksaka, har skjøna at det er viktig at dei melder seg inn i organisasjonen.



*Landsstyret i Norsk Målungdom som vart valt på landsmøtet i Orkdal i 2003. Foto: Odin Fyllingsnes*



*Sigbjørn Hjelmbrekke vart valt til ny leiar i Norsk Målungdom på landsmøtet deira i Dale i 2004. Her utanfor kontoret til Mållaget saman med Unn Catodotter Fyllingsnes. Ho har fungert som leiar i Norsk Målungdom siste halvdel av 2003.*

# Nærskylde tiltak

## Dag og Tid

*www.dagogtid.no*
Dag og Tid AS gjev ut vekeavisa Dag og Tid. Avisa er ei fri vekeavis for kultur og politikk. Litteratur- og kulturstoffet held høg kvalitet, og innanfor dei litterære miljøa i Noreg er Dag og Tid ei mykje lesen avis. I fjor gav redaksjonen også ut ei forfattaravis om Jon Fosse.

Dag og Tid kom i 2003 ut med 52 nummer i 50 utgåver. Opplaget i 2002 vart på 6982, ein framgang på 8 prosent.

Selskapet driv òg forlagsverksemd. Både Ivar Aasen-almanakken og Nynorsk språknøkkel selde bra i 2003. Verksemda held til i Pilestredet 8 i Oslo.

Svein Gjerdåker er redaktør. Arne-Ivar Kjerland er disponent og Hans. H. Skei er styreformann i selskapet.

## Det Norske Samlaget

*www.samlaget.no*
Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget. Hovudoppgåva for Litteraturselskapet er å leggja tilhøva til rette for nynorsk bokutgjeving. Selskapet gjev ut tidsskriftet Syn og Segn som er blant dei største allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg. Tingar-talet i 2003 var 2311 mot 2490 året før. Forlaget gjev også ut Bymålslagets tidsskrift Maal og Minne.

Forlaget gav i 2003 ut 186 titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum og lærebøker til grunnskule, vidaregåande skule og høgare utdanning. 2003 vart eit etter måten godt år for forlaget. Driftsinntektene med alle tilskot vart ca. 72 mill.kr, og førebels årsresultat før skatt vart eit overskot på 2,4 mill.kr. Dette var betre enn budsjettert, endå om lønnsemda i utgivingane framleis er svak. Det heng i første rekkje saman med strukturendringane i bokbransjen, der store forlagskonsentrasjonar og bokklubbar tek større delar av marknaden og bokhandelkjeder skaper dyrare marknadstilgang. Til saman fekk Samlaget 23 litterære prisar i inn- og utland. Forlaget selde 32 bokrettar til utlandet, fleire enn nokon gong tidlegare.

Blåmann Barnebokklubb vart lansert i september 2001, med oppstartstilskot på til saman 1,7 mill. kroner over tre år over Kulturdepartementets budsjett. Blåmann har samarbeidd med nynorskorganisasjonane, skular og bibliotek om medlemsverving. Etter to års drift har klubben ca. 3000 medlemer; mindre enn venta, men medlemene kjøper fleire bøker enn det bokklubben hadde rekna med.

Samlaget har lagt stor vekt på å arbeida for at det desentraliserte nettet med bokhandlarar vert halde oppe, og at bøker på nynorsk får gode nok sals- og distribusjonsvilkår. Endringane i bokbransjen gjer at Samlaget har måtta omstilla og effektivisera drifta. Forlaget står overfor viktige strategiske val når det gjeld satsingsområde, storleik, organisering og distribusjon.

Ved årsskiftet 2001/2002 starta Selmer Bolig utbygginga av eigedomen til Samlaget i Trondheimsveien 15. Etter at forlaget sidan januar 2002 hadde halde til i mellombels lokale i Nydalen, flytta me i juli 2003 tilbake i eigne, nye lokale med gateadresse Jens Bjelkes gate 12. Postadresse, telefon m.v. er uendra.

Formann i styret for forlaget var Siri Hatlen og for Litteraturselskapet Kjellbjørg Lunde. Forlagssjef er Audun Heskestad.

## Det Norske Teatret

*www.detnorsketeatret.no*
Det Norske Teatret spela i 2003 i alt 866 framsyningar. Av desse var 239 på Hovudscenen, 151 på Scene 2, 99 på Prøvesalen, 11 laurdagsmatinear, 30 gjesteframsyningar i huset, 0 framsyningar på turné/oppsøkjande og 336 andre arrangement. Samla publikumstal var 144.000. Tilskotet frå staten til teaterdrifta var 102 mill. kroner. Eigne inntekter 20 mill. kroner. Resultatrekneskapen syner eit overskot på 14 000 kroner.

Ved utgangen av året hadde teatret 231 fast tilsette. Av desse var 29 deltidsstillingar. Til saman utgjer dette 214 årsverk. Berge Furre er styreleiar ved teatret, Vidar Sandem teatersjef og Nina Lorentzen er direktør.



*Teatret sette mellom anna opp stykket Bikubesong etter boka til Frode Grytten. Her er Hans Rønningen i aksjon på scena.*

# Folkekulturforbundet

*www.folkekultur.no*
Folkekulturforbundet skal organisera og leggja tilhøva til rette for folkeopplysning og opplæring i medlemsorganisasjonane innafor ramma av lov om vaksenopplæring.

Dei viktigaste arbeidsoppgåvene i 2003 var:
- informasjon og rettleiing til lokale og regionale studieleiarar
- utvikling av studieplanar og studiemateriell
- arbeidet med å rettleia studentar og leggja til rette studia for dei som ønskjer å ta svennebrev i små handverksfag som bunadtilverkar, vevar mm.
- oppretting av nytt studietilbod «Norsk folkeleg dans» i samarbeid med NTNU
- vidareføring av prosjekt i Nord-Trøndelag med mål å tilby kurs for innsette i fengsel
- arbeid gjennom Vaksenopplæringsforbundet for å sikra statlege overføringar

I 2003 vart det halde 3 679 kurs over 113 875 studietimar i lokal- og fylkeslag i medlemsorganisasjonane. Noregs Mållag held seg stabilt på i overkant av 400 timar.

Folkekulturforbundet har kontor i Vågå. Det er 3,5 årsverk på kontoret. Dagleg leiar er Kjærsti Gangsø. Styreleiar frå årsmøtet i 2003 er Tove Gulsvik frå Norges Husflidslag.

# Kringkastingsringen

*www.kringkastingsringen.no*
Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media elles. I snart 50 år har Kringkastingsringen vore pådrivar for at medieverksemdene skal føra ein språkpolitikk som speglar språkmangfaldet i Noreg. Kringkastingsringen arbeider også for å påverke styresmaktene til å leggja forholda til rette for at me skal få eit godt og mangfaldig språk i media.

I 2003 har me:
- Teke opp spørsmåla om nynorsk og dialektar med Kanal24 og P4.
- Arbeidd for å styrkja pressestøtta og mot høgare porto på aviser.
- Vore i møte med NRK for mellom anna å få fleire nynorske nyheitsopplesarar.
- Arbeidd for å styrkja organisasjonen gjennom medlemsverving.
- Fungert som høyringsinstans i mediespørsmål.
- Halde oversikt over språkbruken i media.
- Gjeve ut fire nummer av meldingsbladet Kringom, der me tek opp aktuelle språklege og mediepolitiske spørsmål.
- Delt ut Kringkastingsprisen til Arne Hjeltnes i TV 2.

Unn Aarrestad er styreleiar og Tormod Strømme er tilsett som dagleg leiar.

# Landssamanslutninga av nynorskkommunar

*www.lnk-nytt.no*
Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Organisasjonen har 101 medlemer, av desse er 98 kommunar og fylkeskommunar.

Ei viktig oppgåve for LNK er å setja språkspørsmål og språkpolitikk inn i ei vidare kulturell ramme. Målet er å synleggjera samanhengar mellom språk, identitet, kultur og næringsutvikling i kommunane. Arbeidet med nynorsk barnekultur og nynorsk og data er òg prioriterte arbeidsfelt.

LNK tilbyr for tida to større språkkurs for saksbehandlarar i kommunar og i statsadministrasjonen, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkar det meste av landet.

LNK gjev ut *LNK-avisa* seks gonger i året. Elles arbeider me nært saman med Noregs Mållag gjennom dei to stiftingane Pirion og Magasinett der begge organisasjonane er medstiftarar. Stiftinga Pirion held kurs for tilsette i barnehagar og gjev ut avisa *Pirion* som er eit informasjonstilbod til tilsette i barnehagar. Magasinett er eit nettidsskrift for ungdom - det einaste i sitt slag som er redigert på nynorsk.

Fylkespolitikar i Møre og Romsdal og kommunepolitikar i Ørsta, Jan Magne Dahle, er styreleiar i LNK, medan Vidar Høviskeland er dagleg leiar.

# Noregs Ungdomslag

*www.norung.no*
Noregs Ungdomslag vart skipa i 1896 og arbeider for folkeleg opplysning på fullnorsk grunn og for samhald og samarbeid mellom ungdomen.

Organisasjonen er ein av dei mest allsidige kulturorganisasjonane i landet og har i overkant av 16 000 medlemmer i over 450 lokallag og 27 fylkeslag. NU er mellom anna den største folkedansorganisasjonen i landet med 350 grupper, den største amatørteaterorganisasjonen i landet med 150 grupper, den største kjeda av diskotek i landet med 80 diskotek og den største organisasjonen for kulturhus med 350 registrerte hus. Sjølv om mykje av aktiviteten i lokallaga er knytt til dei fire grunnsteinane dans, teater, bunads- og samfunnsarbeid, har ungdomslagsrørsla eit unikt mangfald i aktivitetar. I ungdomslaga har lokalsamfunna ein stad der ulike generasjonar møtest og saman tek vare på norsk kulturarv. I heile landet sit ungdomslag med store kulturhistoriske verdiar.

Noregs Ungdomslag held til i same bygarden som Noregs Mållag og har ein del praktisk samarbeid med Mållaget. Ti lokallag er med både i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag.

Noregs Ungdomslag arrangerer mellom anna Folkekulturfestivalen på Beitostølen 29. juli - 1. august (sjå www.folkekulturfestivalen.no).

Leiar er Johan Einar Bjerkem, dagleg leiar er Marit Jacobsen.

## Norsk Barneblad

*www.norsk-barneblad.no*
Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut. Bladet har kome ut utan avbrot sidan det vart skipa i 1887. Bladet kjem ut to gonger i månaden. Målgruppa er barn og unge i alderen 7-15 år. Ordskifte der lesarane sjølve får skriva inn og diskutera, er eit av dei mest populære innslaga i bladet. Bladet innheld dessutan teikneseriar, vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitetsstoff. Bladet har også eiga heimeside på internett.

Framhaldsoga om Per Sivle, skriven av Jens Brekke var eit høgdepunkt i 2003-årgangen. Opplaget er kring 4000.

Styreleiar er Ingvild Aursøy Måseide og ansvarleg redaktør og dagleg leiar var Margunn Sundfjord som vikarierte for Nana Rise, som var i svangerskapspermisjon heile året.

## Norske Lagsbruk

*www.lagsbruk.no*
Føremålet til Norske Lagsbruk er å vera eit tenesteapparat for forretningsverksemd og lagshusdrift i rørsla ved å formidla økonomisk stønad, idear og spisskompetanse til lokale utviklingsprosessar.

NL har halde fram arbeidet i 2003 med ei grundigare registrering av lagshus i Noregs Ungdomslag.

Det er 15 medlemer i Norske Lagsbruk, medrekna Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag . Gjennom Noregs Ungdomslag er om lag 350 ungdomshus registrerte og kollektivt innmelde i organisasjonen. Årsbudsjettet er på 2 mill, der 70 prosent er offentleg stønad.

Øystein Erstad frå BUL Ervingen i Bergen er styreleiar og Nils Seland dagleg leiar og einaste tilsette.

## Nynorsk kultursentrum

*www.aasentunet.no*
Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting skipa 1993 med hovudføremål å arbeida for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda.

Måla våre er:
1. Gjera det lettare å vera nynorskbrukar
2. Styrkja den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
3. Skapa større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

Stiftinga eig og driv desse tiltaka:
- Ivar Aasen-tunet i Ørsta – nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur som inkluderer det eldste personmuseet i landet
- Dei Nynorske Festspela – ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med dei beste forfattarane, den gode musikken og dei uventa bileta
- www.aasentunet.no – den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur

2003 vart eit nytt steg på vegen mot å finna balansen mellom det daglege strevet og fylla funksjonen som ein nasjonal kulturinstitusjon. Det faglege dokumentasjonsarbeidet prega arbeidsåret. Samstundes førte me vidare det omfattande og breie kulturprogrammet med kvalitetstilbod til svært ulike målgrupper.

Omsetninga auka med 12 prosent frå 8,9 mill kr i 2002 til 10,0 mill kr i 2003. Inntektene auka med 9 prosent medan kostnadene steig med 13 prosent. Etter seks år med

**Glimt frå huset og utstillingane på Aasentunet**



*Arkitekt Sverre Fehns stramme skrå linjer reiser seg i spanande samspel med Sunnmørsfjella. På biletet lengst til høgre ser me inngangspartiet. Utbygget til venstre er ein amfisal, med 110 sitjeplassar, medan kafeen held til innom vindauga til høgre.*



*På biletet til venstre ser me kafeen og resepsjon. I midten «Nynorskens tunell» med utstillingar om Ivar Aasen, nynorske forfattarar og nynorsken i samfunnet. Til høgre ser me inn i forfattar-rommet, med informasjon om mange av nynorskforfattarane.*

positive driftsresultat gav drifta i 2003 dermed eit underskot på 340 000 kr. I vesentleg grad heng årsresultatet saman med eingongsprosjekt med høg risiko som ikkje gav den utteljinga me vona. Dessutan gjennomførte me større vedlikehaldsarbeid enn me hadde budsjettert med. Resultatet var difor ikkje ein konsekvens av strukturelle trekk som vil koma att år etter år. Trass i dårleg resultat var det mange lyspunkt også i 2003, særleg at me auka eigeninntektene med 14 prosent frå året før, og at nettbesøket auka med 63 prosent frå 2002.

18 400 personar gjesta tilboda våre i 2003, mot 19 100 i 2002. Om lag 3300 eller 18 prosent av desse var barn og unge. Samlingane auka med 4 prosent til om lag 32 000 einingar. Ved utgangen av 2003 var 17 prosent av samlingane tilfredsstillande registrerte. Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet inneheldt ved årsskiftet om lag 1700 artiklar om meir enn 400 personar, institusjonar og organisasjonar, mot 800 klipp eit år tidlegare. Ved inngangen til 2004 var 1300 dokument tilgjengelege på nettstaden vår. Størst var Nettbiblioteket med over 800 tekstar.

